



Austrheim
KOMMUNE

Temaplan oppvekst

2024-2028

opne landskap, ope sinn

Innhold

1.0 Innholdsliste:	s. 2
2.0 Forord:	s. 3-5
3.0 Innleiing:	s. 5-8
4.0 Prosess, oppfølging og evaluering:	s. 9-10
5.0 Rammeverk:	s. 11-18
6.0 Tenesteskildringar:	s. 18-43
7.0 Kunnskapsgrunnlaget til planen, Målgruppe:	s. 43-47
8.0 Mål og strategiar:	s. 47-55
9.0 Handlingsdel:	s. 55-81

Forord

Det er ei stor glede å presentere temaplan for barn og unge i Austrheim kommune. Planen er eit resultat av tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike tenesteområda retta mot barn og unge i kommunen og eit stort engasjement frå arbeidsgruppa som har jobba med alle innspel og utarbeid planen. Takk til aktive og engasjerte barn og ungdomar, føresette, tilsette, politikarar samt både interne og eksterne samarbeidspartar som har kome med innspel i prosessen.

Temaplan for barn og unge i Austrheim kommune handlar om framtida vår – nemleg barn og unge, og korleis vi med eit heilskapleg blick og felles ansvar, lukkast med å skape gode oppvekstvilkår gjennom heile oppveksten til kvart einskild barn i kommunen. Og ikkje minst korleis vi sikrar overgangen frå ung til ung vaksen, og på den måten bidrar til at dei meistrar vaksenlivet og deltar aktivt i samfunn og arbeidsliv.

Frå 01.01.2022 vart det innført eit krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem, jf. den nye vedtekne bestemminga i barnevernloven § 3-1 andre ledd. Dette skal bidra til ei overordna forankring av det førebyggjande tilbodet og fordelinga av kommunen sine ressursar til dette arbeidet. Det vil dessutan vere eit viktig verktøy for å sikre forpliktande og systematisk innsats for å legge til rette for heilskaplege tenester. Denne planen inneheld Austrheim kommune sine løysingar knytt til lovkravet.

Vi er avhengig av å ha gode og riktige styringsdata som leiar oss nærare målet om inkludering av alle barn og unge. Arbeidet med temaplanen for oppvekst og kultur 2024-2028, byggjer på eit stort og bredt kunnskapsgrunnlag. Det er definert fleire indikatorar og tiltak som over tid må følgjast opp. I tillegg er det avgjerande at utviklingsarbeidet for å nå måla, har fokus i heile organisasjonen. For å verte best mogleg må vi lære av kvarandre og utnytte tilgangen vi har på "beste praksis"-døme. Dette må vi gjere med andre kommunar, internt i kommunen, mellom einingar og tenester, men også i samarbeid med eksterne aktørar.

Eksterne aktørar er ein sentral del i arbeidet; mellom anna frivillig sektor, spesialisthelsetenesta, kompetansesenter, politi, vidaregåande skule osv. Planen viser ei tydeleg målsetjing om at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst i

kommunen, der den einskilde er inkludert i fellesskapet og får god omsorg. For å lukkast med målsetjinga spelar dei vaksne ei viktig rolle, både i høve til tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og i det daglege arbeidet rundt barn, unge og familiar. Planen vil danne grunnlag for vidare arbeid i sektoren, i samarbeid med andre tenesteområde i kommunen og med eksterne samarbeidspartar. Planen skal sikre at dei som er tilsett i oppvekstsektoren og dei som jobbar direkte eller i tilknytning til oppveksten til barn og unge, skal ha ei felle plattform med verdigrunnlag, fokusområde, strategiar og tiltak.

Å lukkast som samfunn med å inkludere born og unge, og sikre at færrest mogleg fell utanfor, handlar ikkje berre om statistiske- og samfunnsøkonomiske konsekvensar. For det enkelte barnet det gjeld, og familiare deira, er det stor forskjell å oppleve seg sjølv som utanfor eller innanfor fellesskapet. Denne planen skal vere samlande for tenestene i kommunen, og sikre felles fokus og prioritering. Fokuset er gode livsløp, og då er rett hjelp til rett tid avgjerande.

Familien er trekt fram som ein særleg viktig faktor i høve til det å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge. Barn og unge skal utvikle kompetanse til å møte framtida og kommunen skal utvikle praksis for å følgje opp barn, unge og familiar med særlege utfordringar. Eit godt samarbeid med foreldre/føresette er grunnleggjande for alle tenestene som barn og unge samhandlar med. Det vert satsa på familiar og at føresette skal oppleve meistring i foreldrerolla, og gje trygge barn, som toler både med- og motgang. Alle barn og unge som veks opp i Austrheim skal inkluderast fritidstilbod, både organisert og eigeninitiert aktivitet. Barn og unge skal få likeverdige moglegheiter for meistring og utvikling av eigne dugleikar i sosialt samspel med andre.

Temaplanen for barn og unge er ein overordna strategiplan, som skal femne alt frå helsestasjon 0 -23 år til opplæring til og med 10.trinn. Med dette som utgangspunkt, har ein i arbeidet med planen hatt fokus på breidde og heilskap for å få ein felles praksis.

Takk til alle som har kome med innspel til planen, dei som har delteke i arbeidsgruppa og referansegruppene, samt dei som har kome med framlegg til endringar og forbetringar undervegs og i samband med høyringsperioden. Innspela har vore viktige for innhald og prioriteringar i planen slik den no ligg føre.



Austrheim 2. oktober 2023

Trine Merete Jansen, kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Innleiing

Vår visjon er:

“Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstadar og aktive bygder.”

Hovudmåla er:

Austrheim kommune skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje. Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining. Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Kommuneområda for oppvekst, helse og velferd, har alle til felles at tenestene på ulike måtar er retta mot barn og unge. Det er tydeleg uttalt, både politisk og administrativ, at Austrheim kommune skal vera ein god kommune å vekse opp i. Familiar møter helsestasjon, barnehage, skule, fritidstilbod og hjelpeapparatet gjennom oppveksten. For å lukkast saman, må vi streve etter ei god samhandling på tvers av tenestene.

Det er i oppveksten og heilt frå tidlege barneår at grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt. Dei siste åra har ein sett eit fagleg paradigmeskifte, i tilnærminga til den kjenslemessige utviklinga. Emosjonell utvikling får meir og meir ein eigen plass, på lik linje med utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar. Mange barnehagar, skular og andre faginstansar skiftar no fokus frå å sjå på barnet si ytre åtferd til å vere opptatt av å sjå barnet frå innsida. Barn og unge er ein stor del av kommunen si befolkning, og alle dei kommunale tenestene har direkte eller indirekte innverknad og rolle for deira oppvekstvilkår. Planen gjeld barn og unge som er busett i Austrheim kommune.

Føremålet med arbeidet er å lage ein heilskapleg strategiplan for barn og unge, med fokus på samhandling, førebygging og tidleg innsats. Austrheim kommune sin samfunnsplan er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld overordna prioriterte mål og strategiar. Barn og unge er eit eige satsingsområde i planen. Temaplanen sine strategiar og mål, dannar grunnlaget for kommunedelplan for oppvekst og kultur.

Ei prosjektgruppe har stått bak arbeidet med planen med innhenting av synspunkt og innspel frå ulike aktørar gjennom heile prosessen, samt føringar og råd frå regionalt og nasjonalt nivå.

Oppvekst og utdanning er kommunale innsatsområde som på ulike måtar og i ulike fasar av livet, rører ved innbyggjarane sine liv. Det at barndommen og ungdomstida er så god som mogleg, er viktig både for den einskilde innbyggjar og for kommunen som heilheit. Erfaringar frå barndomen har vi med oss livet ut.

Temaplan for barn og unge i Austrheim kommune viser kva vi skal gjere for å leggje til rette for gode oppvekstvilkår i kommunen. Oppvekstplanen er eit overordna plandokument som skal sikre oppfølging av relevante mål og strategiar i samfunnsdelen. Planen gir med dette overordna føringar for korleis det bør vere å vekse opp i Austrheim kommune. Det betyr også at mål og tiltak i denne planen skal vere på overordna nivå, og at føringar gitt i denne planen skal inkluderast og byggjast vidare på i anna planverk for sektoren. Det er i mål- og handlingsplanar, temaplanar og verksemdsplanar desse føringane blir til konkrete tiltak.

Planen har eit langsiktig perspektiv som involverer fleire av kommunen sine tenester saman med føresette og eksterne partar. Planen synleggjer kommunen sin innsats retta mot barn, unge og familiane deira, med fokus på barnehage, skule og andre hjelpetenester. Planen skal løfte kvaliteten på korleis ein samhandlar med andre tenester i kommunen. Vidare er samarbeid med føresette, frivillige organisasjonar, statlege-, fylkeskommunale- og kommunale tenesteområde og næringslivet, viktig for å lukkast med målsetjingane.

FN sine berekraftsmål

Samfunnsplanen set fokus på korleis vi skal arbeide for å løyse oppgåver samt utvikle kommunen med tanke på å gje innbyggjarane best moglege tenester. Samstundes skal vi sette minst mogleg fotavtrykk for dei generasjonar som kjem

etter oss. Av dei 17 berekraftsmål som er innarbeidd i samfunnsplanen, er spesielt berekraftsmål 1, 3, 4 og 17 kopla opp mot barn og unge. Oppvekstsektoren tek eit særleg ansvar for at kommunen bidrar til å nå dei felles målsetnadane. På kultursida, blir berekraftsmål 3, 10 og 11 dratt fram. Hovudmåla i samfunnsplanen er kopla til berekraftsmål.



FN sine berekraftsmål nummer 1, 3, 4, 10, 11 og 17 henta frå FN si [heimeside](#).

Tabellen under viser delmåla for berekraftsmål 1, 3 og 4.

Berekraftsmål	Austrheim skal sjå særleg på
1. Utrydde fattigdom	<p><i>Innføre tilpassede sosiale velferdsordninger og tiltak for alle, inkludert minstestandarder, og innen 2030 oppnå en vesentlig dekning av fattige og sårbare</i></p> <p><i>Innen 2030 bygge opp motstandskraften til fattige og personer i utsatte situasjoner, slik at de blir mindre utsatt for økonomiske, sosiale og miljømessige påkjenninger</i></p>
3. God Helse og livskvalitet	<p><i>Utrydde alle former for feilernæring, og ivareta ernæringsbehovene til unge jenter, gravide, ammende kvinner og eldre personer</i></p> <p><i>Sikre at det finnes bærekraftige systemer for matproduksjon, og innføre robuste metode som gir økt produktivitet og produksjon, som bidrar til å opprettholde økosystemene, som styrker evnen til tilpasning til klimaendringer, ekstremvær, tørke, oversvømmelse og andre katastrofer, og som gradvis bedrer arealenes og jordas kvalitet</i></p>
4. God utdanning	<p><i>Sikre at alle jenter og gutter fullfører grunnskole og videregående opplæring av høy kvalitet som kan gi dem et relevant og reelt læringsutbytte</i></p> <p><i>Sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfaglig opplæring og høyere utdanning, inkludert universitetsutdanning, til en overkommelig pris</i></p> <p><i>Betydelig økning i antall unge og voksne som har kompetanse, blant annet i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetting, anstendig arbeid og entreprenørskap, inkluderer personer med nedsatt funksjonsevne</i></p> <p><i>Sikre at alle elever og studenter tilegner seg den kompetansen som er nødvendig for å fremme bærekraftig utvikling, blant annet gjennom utdanning i bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettigheter, likestilling, fremme av freds- og ikkevoldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturens bidrag til bærekraftig utvikling</i></p>

Prosess, oppfølging og evaluering

Temaplanen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe som har følgd arbeidet heilt frå starten av arbeidet, våren 2022. Temaplanen vart sendt ut på høyring november 2023, og endeleg vedteken i januar 2024(?).

Arbeidsgruppa har vore sett saman av tilsette på ulike nivå på tvers av helse og oppvekst.

Medverknad

Arbeidsgruppa har jobba fram ein plan med utgangspunkt i arbeid gjort i samhandling mellom dei ulike tenestene i kommunen.


I arbeidet vil vi også trekkje fram Statsforvaltaren sitt initiativ knytt til planprosess for førebyggjande plan på barne- og ungdomsfeltet. Austrheim kommune har delteke i den samlingsbaserte rettleiinga, som har gått føre seg første halvår av 2023. Målet til Statsforvaltaren har vore god og heilskapleg rådgjeving i planprosessen, der dei saman med fylkeskommunen, kompetansmiljø (KORUS, RVTS, RKBU, NAPHA) og KS har gjeve samla råd. Dette har bidratt positivt i utarbeidinga av temaplan for oppvekst.

Oppfølging av temaplanen skjer gjennom arbeidet med økonomi- og handlingsplanen og verksemdsplanar. Mål og tiltak i økonomi- og handlingsplan og verksemdsplanar vert evaluert gjennom prosess knytt til kvalitetsarbeidet i sektoren. Kvar eining skal årleg utarbeide ein verksemdsplan som syner samsvar med mål, prioriteringar og tiltak som kjem fram i temaplanen samt økonomi- og handlingsplanen. Einingane sine planar skal syne tydeleg samanheng mellom nasjonale og kommunale føringar, samt danne utgangspunkt for avdelingane sine årlege satsingar. Verksemdsplanane skal gjerast kjende for føresette, og leggjast ut på heimesida til kommunen.

Tilknytning til andre planar

Kommunal planlegging skal bidra til at kommunen løyser både lovpålagde og lokalt prioriterte oppgåver på ein effektiv og god måte. Målsetjinga om heilskapleg og koordinert tenestetilbod er ikkje noko ein sektor eller eit tenesteområde kan løyse på eiga hand. For å få til ein raud tråd mellom behov og tilbod, må ulike tenester og sektorar samarbeide på tvers.

Innbyggjarar og tilsette skal oppleve at planane heng saman i høve til innhald, og at det er lett å sjå samanhengar. Prioriteringar som krev finansiering blir presentert i økonomiplanen. Utarbeiding av dei ulike planane i kommunen skal samla bidra til ein tydeleg samanheng mellom kommuneplanen sin samfunnsdel, temaplanar og økonomiplan.




Figuren syner korleis planane heng saman i styringsverktøyet Framsyn. Mål og strategiar i planmodulen blir vidare tatt inn i handlingsplanen i økonomiplanen, og vidare til verksemdsplanane saman med årsbudsjetten.

I tillegg til samfunnsplan og temaplanar, skal Austrheim kommune også utarbeide andre planar. Dette er skildra i kommunen sin planstrategi. Nokre av desse planane er direkte relatert til oppvekstfeltet, og det vil vere behov for tverrfagleg samarbeid. Døme på dette kan vere handlingsplan for trafikksikkerheit, ruspolitisk handlingsplan og temaplan for friluftslivet. Nokon samarbeid er starta opp allereie, og dette blir vidareført og vidareutvikla etter behov, relatert til dei komande planprosessane.

Rammeverk:

Grunnlova

I samband med 200 års-jubileet for Grunnlova i 2014 ynskte Stortinget ein omfattande revisjon av Grunnlova, med særleg vekt på å løfte fram og synleggjere menneskerettane. Dette resulterte i eit nytt kapittel E, der mellom anna barn sine rettar og retten til utdanning vart grunnlovsfesta. Før 2014 var ikkje barn sine rettar tematisert i Grunnlova. I § 104 i Grunnlova står det at barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alder og utviklingssteget. Kva som er best for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn, i handlingar og i avgjersler som vedkjem dei sjølv. Barn har rett til vern om den personlege integriteten sin.



Barnekonvensjonen

Barnekonvensjonen er den første internasjonale menneskerettskonvensjonen som gjev barn ein spesiell juridisk status. Den stadfestar at barn har menneskerettar, og krav på spesiell beskyttelse. Alle statar som har slutta seg til barnekonvensjonen må følge det som står i den.

Konvensjonen slår fast at alle menneske under 18 år er barn, og omfattast av barnekonvensjonen. Alle land i verden, unntatt USA, har slutta seg til barnekonvensjonen. FN sin barnekomité (CRC) overvakar korleis barn har det i landa som har slutta seg til avtala, og kjem med



[Referanse](#)

tilrådingar om korleis dei kan betre barn sine rettar. Barnekonvensjonen er basert på FN si erklæring om barnet sine rettar, som vart vedteken 30 år tidlegare.

Døme på rettar som står i FN sin barnekonvensjon

- Alle barn er fødd frie og er like mykje verdt.
- Alle barn har rett til eit namn og ein nasjonalitet.
- Alle barn har rett til vern.

- Alle barn har rett til best mogleg helsehjelp og nok mat og drikke.
- Alle barn har rett til å bli høyrte og bli tatt omsyn til.
- Alle barn har rett til å gå på skule.
- Alle barn har rett til leik, fritid og kvile.
- Alle barn har dei same rettane.

Barnevernslova

§ 1-1. Lovens formål.

«Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.»

Folkehelselova

§ 1. Formål

«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.»

§ 4. Kommunens ansvar for folkehelsearbeid

«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd,

uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

§ 5.Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktor i kommunen

«Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne.»

§ 7.Folkehelseiltak

«Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer, jf. § 5. Dette kan blant annet omfatte tiltak knyttet til oppvekst- og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.»

Helse- og omsorgstjenestelova

§ 3-2.Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

«For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 skal kommunen blant annet tilby følgende:

1. *Helsefremmende og forebyggende tjenester, herunder
 - a) *Helsetjeneste i skoler og*
 - b) *Helsestasjon**
2. *Svangerskaps- og barselomsorgstjenester»*

§ 7-2. Koordinator

"For pasienter og brukere med behov for langvarige og koordinerte tjenester etter loven her, skal kommunen tilby koordinator. Koordinatoren skal sørge for nødvendig oppfølging av den enkelte pasient eller bruker, samt sikre samordning av tjenestetilbudet og fremdrift i arbeidet med individuell plan.

Kongen i statsråd kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om hvilken kompetanse og hvilke oppgaver koordinatoren skal ha."

§ 7-2 a. Barnekoordinator

"For familier som har eller venter barn med alvorlig sykdom, skade eller nedsatt funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og sammensatte eller

koordinerte helse- og omsorgstjenester og andre velferdstjenester, skal kommunen oppnevne en barnekoordinator dersom foreldrene eller den som samtykker på vegne av barnet, ønsker dette.

Barnekoordinatoren skal sørge for

- a. koordinering av det samlede tjenestetilbudet,*
- b. å ha oversikt over og bidra aktivt til å ivareta kommunens ansvar for nødvendig oppfølging og tilrettelegging for familien og barnet i form av tilbud om eller ytelse av helse- og omsorgstjenester og andre velferdstjenester,*
- c. at familien og barnet får nødvendig informasjon og helhetlig veiledning om helse- og omsorgstjenestetilbudet,*
- d. at familien og barnet får nødvendig informasjon og helhetlig veiledning om andre velferdstjenester og relevante pasient- og brukerorganisasjoner, at familien og barnet gis veiledning i deres kontakt med disse, og at det formidles kontakt eller henvisning videre til slike tjenester eller organisasjoner og*
- e. fremdrift i arbeidet med individuell plan.*

Kommunens plikt til å oppnevne barnekoordinator gjelder frem til barnet fyller 18 år.

Kongen i statsråd kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om hvilken kompetanse og hvilke oppgaver barnekoordinatoren skal ha."

§ 7-3. Koordinerende enhet

"Kommunen skal ha en koordinerende enhet for habiliterings- og rehabiliteringsvirksomhet. Denne enheten skal ha overordnet ansvar for arbeidet med individuell plan, og for oppnevning, opplæring og veiledning av koordinator og barnekoordinator etter §§ 7-1, 7-2 og 7-2 a.»

Integreringslova

§ 1.Lovens formål

"Formålet med loven er at innvandrere tidlig integreres i det norske samfunnet og blir økonomisk selvstendige. Loven skal bidra til at innvandrere får gode norskkunnskaper, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjoner og en varig tilknytning til arbeidslivet.

Loven skal videre legge til rette for at asylsøkere tidlig får kjennskap til norsk språk og samfunnsliv."

§ 3.Kommunens ansvar

"Kommunen er ansvarlig for tidlig kvalifisering etter kapittel 3, introduksjonsprogram etter kapittel 4 og opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter kapittel 6.

Opplæring og tjenester som kommunen yter etter denne loven, skal være forsvarlige.

Kommunens plikter gjelder ikke overfor personer som har avbrutt eller avvist deltagelse i opplæring i mottak, introduksjonsprogram eller opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Kommunen kan gi andre i oppdrag å utføre kommunens oppgaver etter loven."

Kommunelova

§ 5-2.Andre kommunale organer

«Andre kommunale organer skal opprettes etter bestemmelsene i denne loven. Andre kommunale organer etter denne loven er

- 1. partssammensatte utvalg*
- 2. styret for en institusjon*
- 3. underordnede styringsorganer for et kommunalt oppgavefelleskap*

4. *styret for et kommunalt eller fylkeskommunalt foretak*
5. *eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.»*

Barnehageloven

§ 1. Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Opplæringslova

§ 1-1. Formålet med opplæringa

«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som òg kjem til uttrykk i ulike

religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

§ 13-7.Skolefritidsordninga

«Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.»

§ 13-6.Musikk- og kulturskoletilbod

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.»

[Sosialtjenestelova](#)

§ 1.Lovens formål

«Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i

samfunnet.

Loven skal bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud.

Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer.»

Kulturlova

§ 1.Føremål

«Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.»

§ 5.Felles oppgåver

«Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a. at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,*
- b. å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,*
- c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.»*

Folkebiblioteklova

§ 1.Målsetting

- Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksamhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*
- Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*
- Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.*

- *Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.*
- *Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem."*

Tenestekildringar:

Sektormål nasjonalt:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får tidleg hjelp slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lykkes med opplæringa og utdanninga

Laget rundt barnet i Austrheim:

Det er mange kommunale tenester rundt barn, unge og deira føresette. I det følgjande blir tenestene presentert sektorvis - høvesvis oppvekst, kultur, helse og velferd-



- **Oppvekst** består av: barnehage, SFO og grunnskule, barnekoordinator, barnevern, flyktingtenesta, logoped, oppfølgingstenesta (OT), pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), og Austrheim kulturskule.
- **Kultur** består av: bibliotek, friluftsliv, frivilligsentral, idrett, ungdomsklubb og ungdomskoordinator og andre kulturtilbod.
- **Helse og velferd** er her avgrensa til barn som pårørande-kontakt, bustadsosialt arbeid, ergoterapeut, fastlege, fysioterapeut, helsestasjons- og skulehelsetenesta, jordmor, kommunepsykolog, psykisk helse og rus, samarbeid med NAV og samarbeid med politiet.

Det som er tatt med frå dei ulike tenesteområda er det som omhandlar tenester mot barn, unge og deira føresette.

Oppvekst

Barnehage

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Omsorg, leik, læring og danning i småbarnsalderen formar barnet sine haldningar, verdier og tillit til seg sjølv og menneska rundt seg.



Barn i Kaland barnehage

Leik gir livslyst og er heilt grunnleggjande for barn si utvikling. Leik er også ein arena der relasjonar blir skapte. I leiken møtast vi, vi utviklar oss og lærer om oss sjølve og andre. Barn treng kompetente vaksne som gjev støtte til at alle er inkludert i leik. Gjennom leik får barna erfaringar som utviklar deira emosjonelle, sosiale, språklege og kroppslege dugleikar. I leiken vert det skapt eit variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø.

For dei yngste barna vil mykje av leiken handle om å gjere noko saman – å hoppe, å klatre og å springe. Etter kvart som barna vert eldre, vert det meir og meir avansert rolle- og konstruksjonsleik. Barnet sjølv er med og skapar læring og utvikling for seg sjølve og for andre.

Det er nulltoleranse for krenking i barnehagane, og det blir aktivt arbeid med det psykososiale miljøet for å gjere barna trygge, sterke og sjølvstendige.

Mat er viktig både for psykisk og fysisk helse. Barnehagane i Austrheim legg til rette for sunne matvanar i tråd med helsedirektoratet sine retningslinjer. Barnehagane ønskjer å stimulere til gode matvanar som kan vare livet ut. Sunn mat er også viktig for ei god fysisk og sosial utvikling, samt i høve til konsentrasjon, fokus og læring.



Gode overgangar er viktig. Barna skal vere godt førebudd til skulestart. Godt samarbeid mellom barnehage, skule, SFO og foreldre/føresette er viktig. Rammeplanen for barnehagen og opplæringslova for skulen definerer barnehagen og skulen sine plikter og barna sine rettar. Barnehagane og skulane i

Austrheim har saman utarbeidd ein felles plan for ein trygg og god overgang mellom barnehage, skule og SFO.

For at barnehagen skal kunne ta seg av barnet på best mogleg måte, og ha dei beste føresetnadane til å forstå barnet, hjelpe det til trivsel og vidare utvikling, treng barnehagen informasjon frå dei føresette. Det vert difor gitt tilbod om oppstartsamtale til alle som har barn som skal starte i barnehagane i kommunen. Det er til det beste for barnet at barnehagen har naudsynt informasjon slik at barnehagen kan gi rett oppfølging av barnet.

"De utrolige årene" er ei nasjonal satsing, finansiert av Helsedirektoratet. Målet med satsinga er å fremme barn si psykiske helse. RKBV Vest bidreg med opplæring, implementeringsstøtte og rettleiing inn mot dei ulike tenestene i kommunen. Programmet er implementert i barnehagane i Austrheim kommune.

SFO



SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gje omsorg og tilsyn. Rammeplan for SFO gjeld frå 1. august 2021, og skal bidra til eit meir likeverdig tilbod. SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa.

Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtene.

Skule

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. I skulen er det nulltoleranse mot krenking. Alle som arbeider på skulen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt.



Skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremmar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Du finn meir om verdiar og prinsipp for grunnopplæringa [her](#).

Skulen lar elevane medverke og syner dei kva demokrati betyr i praksis. Elevmedverknad pregar skulen sin praksis. Elevane skal medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet, som dei skapar saman med lærarane kvar dag. Å utvikle eit læringsfellesskap saman med elevane er viktig fordi det fører til ein praksis som fremmar djupnelæring, og som inviterer til å utforske og skape.

Skulane i Austrheim har satsa på PC-ar som reiskap for læring til elevane. Alle elevane har ein eigen PC eller nettbrett.



Austrheim kommune jobbar i samarbeid med andre kommunar i Fensfjorden med å utarbeide ein felles plan for begynnaropplæringa. Dette arbeidet er også i samarbeid med Fensfjorden PPT. Arbeidet med begynnaropplæringa skal føre til at elevane får ein solid grunnmur for vidare utvikling av språk, lese- og skriveugeleik. Skulane i Austrheim arbeider proaktivt for å hindre skulevegring og fråfall. Skulevegring er problematisk fråvær der eleven i aukande grad vert borte frå undervisning og sosiale arenaer. Det å vere til stades på skulen, aukar elevane si trening i sosial kompetanse. Skulene har felles rutine for korleis ein følgjer opp fråvær.



Overordna del 3.3 i ny Læreplan 2020:

«God kommunikasjon mellom heim og skole bidrar positivt til skolens arbeid med læringsmiljøet og elevenes oppvekstmiljø - det er en klar sammenheng mellom et godt samarbeid mellom heim og skole og elevenes faglige og sosiale læring og utvikling.»

Foreldregruppa vil møte med ulike forventningar, behov og meiningar om skulen sine mål og skulen sin praksis. Å skape ei felles forståing for kva som er viktig i eit godt læringsmiljø er sentralt i foreldresamarbeidet vårt.

Gjennom aktive og gode foreldremøte blir foreldre og føresette ein god medspelar til kommunen sine tenester og elevane sitt utbytte. Skulane har foreldremøte med planar som er førebyggjande og som er viktige, nyttige og aktuelle for at elevane skal få ei best mogleg utvikling. Innhaldet i møta vert planlagt ut frå behov, innspel frå foreldre og liknande. Les meir om samarbeid heim skule i den overordna delen av læreplanen [her](#).

Kjernegruppe er eit lågterskeltilbod til ungdomsskuleelevar som ein er bekymra for. Målet med kjernegruppe er å arbeide individretta saman for å hjelpe ungdom i risikosona med å snu ei negativ utvikling. I kjernegruppa deltek ungdomen, føresette, skule, politi og eventuelt andre instansar ved behov. Samarbeid er ofte nøkkelen til gode resultat, og i kjernegruppa har alle eit felles mål: at vi skal støtte og hjelpe ungdomen med ei god utvikling. Møta i kjernegruppa er på Årås skule i skuletida.

Kommunen har nokre faste tema for å sikre god førebygging i skulen: helsesjukepleiar er med på foreldremøta på 1. trinn, 3. trinn og på 8. trinn.

Barnekoordinator

For familiar som har eller venter barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, skal kommunen oppnemne ein barnekoordinator dersom foreldra eller den som samtykker på vegne av barnet, ynskjer dette, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a.

- Skal syte for koordinering av det samla tenestetilbodet til barn og unge og deira familiar, som har behov for langvarig oppfølging og koordinerte tenester.
- Skal ha oversyn over og bidra aktivt til å ivareta kommunens ansvar for nødvendig oppfølging og tilrettelegging for familien og barnet.
- Skal sikre at familien og barnet får nødvendig informasjon og rettleiing om tenestetilbod og velferdsordningar, samt støtte og hjelp til å utarbeide eventuelle søknadar.

Barnevern

Eit godt førebyggjande tilbod i kommunen kan bidra til at familien får hjelp før det oppstår eit særleg behov for tiltak etter barnevernslova. Barnevernstenesta skal likevel tilby og setje i verk frivillige hjelpetiltak når barnet på grunn av sin omsorgssituasjon eller åtferd har eit særleg behov for hjelp. Hjelpetiltak skal vere eigna til å møte barnet og foreldra sine behov, og til å bidra til positiv endring hos barnet og/eller i familien. Foreldrestøttande tiltak er ofte ein viktig del av tiltaka frå tenesta.

Eit vedtak om hjelpetiltak startar vanlegvis med at nokon tar kontakt med barnevernstenesta fordi ein er uroleg for eit barn sin omsorgssituasjon. Når barnevernet mottar ei bekymringsmelding, vert det i første omgang gjort ei



vurdering av meldinga, som enten resulterer i at saka blir lagt bort eller at ein vurderer at det er behov for å gjere ytterlegare undersøkingar i saka.

Barnevernstenesta skal samarbeide med dei ulike

tenestene i kommunen, og er avhengig av at dei bidrar med informasjon, råd og rettleiing til barn, unge og deira føresette, slik at dei sjølve kan ta kontakt med barnevernstenesta ved behov. Dersom barnevernstenesta etter undersøkingar i saker konkluderer med at det er behov for tiltak, vil det fattast vedtak om kva type hjelpetiltak som skal setjast inn, og det vil bli utarbeidd ein tiltaksplan i samarbeid med familien.

Mange foreldre synes det er krevjande og kan bli usikre i å gje barna sine tryggleik i form av regulering. Når barna bestemmer for mykje sjølve, manglar foreldra ofte verktøy for å skape balanse mellom kven som er den vaksne og kva barnet kan få bestemme sjølv. Det kan vere fleire grunnar til at det er vanskeleg å regulere barna. Barnevernet har ulike kartleggings- og rettleiingsmetodar som hjelper foreldre med å få betre samspel med barna, regulere barna, samt hjelpe foreldre til å bli større, sterkare, klokare og betre.

Tabellen under syner ulike verktøy som barnevernet nyttar i sitt arbeid.

Verktøy	Informasjon
Nettverksmøte	Møte og samarbeid med storfamilien og nettverket rundt barnet
Familieråd	Tiltak som vert kjøpt av BUF- etat
Samarbeidsmøte	Systematisk samarbeid mellom dei som er rundt barnet og familien
Ansvars- gruppemøte	Gjeld barn som mottok tenester frå fleire instansar. Samarbeidsmøte med familie og dei aktuelle instansane.
<i>Circle of Security (COSP)</i> , tryggleikssirkelen	Hjelpe foreldre til å forstå kva behov barnet har, kva signal dei gjev og kva vi må gjere for å møte desse behova på ein betre måte. https://www.bufdir.no/familie/tilbud_regionene/circle_of_security/
PMTO (TIBIR) retteleiing	Konkret rettleiing i å regulere barna. Kva må foreldre gjere for å få barna til å samarbeide.
Systemiske familiesamtalar	Rettleiing i å samtale i familien på dei tema som har gjort det vanskeleg og som låser samspel mellom familiemedlemmane.
Behovsutforsker og kartlegger	Kartlegge kvardagen saman med foreldre, barn eller skule; kva treng barnet? Kva må til for å nå eit mål?
Crowel – kartlegging	Kartlegge samspel mellom foreldre og barn. Oppstart hausten -23
EuroADAD	Kartlegging av sju livsområde for ungdom: Fysisk helse, skule, sosialt, familie, psykisk helse, kriminalitet, alkohol og narkotika.
ICDP	Gruppebasert foreldrerettleiingsprogram som er knytt til samspel.
FFT – funksjonell familieterapi	Heimebasert tiltak som barnevernet kjøper frå BUF- etat.
Turning into kids	Universalt rettleiingsprogram til foreldre med barn opp til 12 år. Det handlar om å møte barnet sine kjensler.
Turning into teens	
Råd og rettleiing	Tilpassa den enkelte familie sine behov. Her vert det brukt ulike metodar, mellom anna basert på observasjonar og filming.
«Vær med meg»	Foreldrerettleiingskurs med element frå ulike metodar – utvikla av RKBU
EFTS	Emosjonsfokuserert foreldrerettleiing
Marte Meo	Marte Meo er ein metode som nyttar film av samspel som arbeidsreiskap og utgangspunkt for rettleiing. Metoden er kommunikasjons- og relasjonsorientert, og er ein praktisk modell til utvikling av nye ferdigheiter i det daglege samspelet med barn.
DUÅ – Dei Utrulege Åra	Eit rettleiingsprogram som rettast mot foreldre med barn i alderen 3 – 6 år og 6 – 12 år, som er i risiko for- eller har utvikla åtferdsvanskar. Formål: å styrke foreldra sitt samspel med barna, og gjennom dette fremme barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse, samt å forebygge, redusere eller behandle problemåtferd og samhandlingsvanskar mellom vaksne og barn.
DCM – Den	Oppstart opplæring i miljøteamet haust -23, rettleiarteamet vår-24.

Dialogiske Barnesamtalen	Dei andre avdelingane har hatt denne opplæringa.
Motiverande intervju	Å motivere til endring
AIM 2 – Assessment Intervention Moving on	Kartlegging og sikkerheitsplanlegging knytt til problematisk eller skadeleg seksuell åtferd
Sosial kompetanse-gruppe	Tiltak til grupper/klasser på skulen i lag med lærar

I tillegg tilbyr barnevernet individuelle samtalar/retteiing, støttefamilie/besøksheim, fritidskontakt, samt bruk av ulike andre kartleggingsverktøy - spørjeskjema, ACEBA, ASQ. Barneverntenesta gjev også retteiing til tilsette i skule, barnehage og ved helsestasjonane.

Barnevernstenesta gjennomfører jamlege opplæringskurs for tilsette i tenester retta mot barn og unge, der dei blir gjort kjent med meldeplikta ein har som offentlig tilsett, kva som utløyer denne og korleis dei skal ta kontakt med barnevernstenesta. Barnevernstenesta i Austrheim er organisert som vertskommunesamarbeid, der det er Alver kommune som er vertskommune. Det er kommunalsjef for oppvekst og kultur som har eit overordna ansvar for barnevernstenesta i Austrheim kommune.

Flyktingtenesta

Tenesta er organisert under oppvekst, og samarbeider tett med alle tenester som omhandlar tenester til vaksne, elever og barn – då spesielt vaksenopplæringa i kommunen.

Austrheim kommune har ansvar for busetting, kvalifisering og oppfølging av familiar og einslege vaksne flyktingar som blir busett etter avtale med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi). Alle flyktingar har ved åtkomst gyldig opphaldsløyve i Norge. Det er politikarane i Austrheim som vedtek kor mange flyktingar som skal busettast i vår kommune kvart år.



Kommunen har ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av busetting og kvalifisering gjennom introduksjonsprogrammet.

Vaksenopplæringa og ansvar for oppfølging av introduksjonsprogrammet er lagt til Årås skule ved rektor. I

busettingsfasen får alle nykomne flyktingar praktisk bistand og

oppfølging. Vidare får dei rettleiing om helse, økonomi, bustad og deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Innan tre månader etter åtkomst har Flyktingtenesta ansvar for å organisere og tilby introduksjonsprogram for alle nykomne personar med flyktingstatus og overføringsflyktingar som er mellom 18 og 55 år. Målet er at dei skal lære seg norsk, blir sjølvstendige ved å komme ut i inntektsnivande arbeid eller utdanning og blir aktive deltakarar i det norske samfunnet. Programmets lengde varierer og er tilpassa individuelt. Det inneheldr blant anna opplæring i norsk, samfunnsfag og arbeids- eller utdanningsretta tiltak.

Våre sentrale arbeidsområde er:

- Behandle og godkjenne søknader om introduksjonsprogram og permisjonar.
- Kartlegging av kvalifikasjonar og bakgrunn for den enkelte.
- Utarbeide individuell plan i samarbeid med introduksjons-deltakaren.
- Individuell oppfølging som følge av individuell plan.
- Samarbeid med andre aktørar som til dømes NAV, helsestasjon og frivillige organisasjonar.
- Godkjenning og vurdering av utdanningsdokument via Nokut og Samordna opptak.



Logoped

Det er kommunen sitt ansvar å gi tilbod om behandling hjå logoped og audiopedagog til barn, ungdom og vaksne, som har rett til eit spesialpedagogisk tilbod etter opplæringslova. Det kan òg vere aktuelt med logopedbehandling eller audiopedagog, som ledd i behandling av sjukdom, skade eller lyte. Til dømes vil afasiramma ofte ha behov for intensiv og langvarig språktrening hos logoped.



Etter utskrivning frå sjukehus er det kommunen som har ansvar for å gi eit logopedtilbud. Kommunen deltek i eit logoped samarbeid med Gulen, Fedje og Masfjorden, organisert under Fensfjorden PPT.

Oppfølgingstenesta (OT)

OT er ei teneste for ungdom mellom 16 og 21 år som har takka nei til offentleg skuletilbod, tek ut ventear eller eit friår, ikkje har søkt/fått skule- eller lærlingplass, eller har avbrote vidaregåande opplæring.

OT ønskjer å arbeide fråfallsførebyggjande, og oppfordrar rådgjevar i grunnskule til å ta kontakt med OT dersom det er ungdom ved skulen som ikkje kjem til å søkje/starte vidaregåande opplæring.

OT kan tilby karriererettleiing der målet er å finne ut av ungdommen sine interesser og styrker, og hjelpe til å sjå aktuelle moglegheiter. Vidare kan OT tilby korte kompetansegivande kurs som aukar moglegheita for at ungdom, som ikkje går i vidaregåande skule, skal få styrka moglegheiter til å få seg arbeid.

OT er ein del av rettleiingstenesta som elles består av PPT, oppfølging av lærlingar og vaksenopplæring. Vidare samarbeider OT med NAV og har eigne fullføringsmidlar til verksemdar som ynskjer å ta inn lærlingar. Vestland fylkeskommune si rettleiingsteneste finn du [her](#).

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)



Fensfjorden Pedagogisk-Psykologisk-Teneste (PPT) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Fedje, Austrheim, Masfjorden og Gulen. Det er Austrheim kommune som er vertskommune med kontor på Austrheim kommunehus.

PPT skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg. PPT skal støtte og rettleie skulane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst. Tenesta utarbeider sakkunnig vurdering der lova eller forskrift krev det.

Fensfjorden PPT tilbyr rettleiing til barnehage, skule og føresette. PPT utøver lik praksis mot oppveksteiningane og samarbeider på tvers av kommunar. Til dømes bruker ein DUÅ og byrjaropplæringa i lesing og skrivning. Fensfjorden PPT tilbyr også logoped-tenester til barn, elevar og vaksne. Tilvising til PPT krev samtykke frå føresette og elevar over 15 år. Tenesta er gratis.

Austrheim kulturskule

Austrheim kulturskule bidrar til relasjonsbygging og fremjing av vennskap. Fleire av gruppetilboda blandar både ulike aldersgrupper og skulekrinsar, som til dømes korps som er aktuelt heilt frå barna er i småskulealder til dei er vaksne.

Kulturskulen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn



og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturell og kunstnariske uttrykk. Undervisninga skjer på Kaland skule og i eigne kulturskulelokale i Austrheimvegen 1009, vegg i vegg med seniorsenteret og i kort gå-avstand frå Årås skule.

Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag er forankra i

opplæringslova og er ein viktig kultur- og utdanningsinstitusjon. «Alle kommunar skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles» Meld. St. 8, 2018–2019 «Kulturens Kraft – kulturpolitikk for framtida» kap. 5.6 skriv det slik; «Barn og unge har rett til å delta i kunst – og kulturlivet og skal kunne oppleve og skape kultur på eigne premisser. Dei skal få møte det beste kunst- og kulturlivet har å tilby, dei skal ha tilgang til kunst og kultur som dei opplever som relevant, og som kan gi dei grunnleggjande kulturelle referansar, læring og glede.»

Kulturskuletilbodet i kommunen er i tråd med Norsk kulturskoleråd sin rammeplan for kulturskulen. I rammeplanen ligg det høge forventningar til kulturskulen som lokalt ressursenter. Kulturskulen skal samarbeide med skule- og kultursektor, og medverke til å styrke kompetanse og kulturell skaping i lokalsamfunnet. Dette inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskular, det lokale kulturlivet og profesjonelle innafor kunst og kulturformidling.



Kulturskulen i framtida «Kulturskole 3.0» Med visjonen «Kulturskole for alle» er ei målsetting som er viktig for arbeidet i kommunen. Altså å legge til rette for tilbod og aktivitetar som gjer at alle barn og unge kan føle seg inkludert.

Kultur

Kultur er ein viktig faktor når det kjem til førebygging. Moglegheit til å vere i fysisk aktivitet er kjent for å gje god helsegevinst, men moglegheita til å drive med korpsmusikk, synge i kor, gå på ei teaterframsyning, sjå ein film på kino gjev også gode gevinstar. Vi veit til dømes at musikk dempar angst, og at noko å engasjere seg i gjev meining i kvardagen. Å ha ein stad der ein høyrer til, der det er forventningar til at du stiller, eller der du kan la deg underhalde er viktige faktorar for å trivast. Kulturtiltak er difor gode førebyggjande tiltak for både utanforskap og isolasjon, og kan vere god hjelp til å handtere problem eller hjelpe å få livsglede

att etter ulike kriser i livet. Austrheim kommune ser kultur som eit godt integrerings- og folkehelsearbeid, og ynskjer å leggje til rette for at flest mogleg skal ha noko å drive med som passar for den enkelte. Vi må difor tenkje breitt innan kulturfeltet vårt.

Integrering er ein viktig førebyggjande faktor. Om ein kjem som nytilflytta er det viktig å få høyre til, bli kjent, og vite kva som rører seg i kommunen.



Flyktingtenesta jobbar tett mot menneske som kjem som flyktningar, og det er tett samarbeid med både vaksenopplæringa, og med frivilligsentral og kultur for å knyte relasjonar og finne ting som kan engasjere. Å skape innhald i kvardagen, finne seg til rette i bygdene, og å få ein stad å høyre til er viktig.

Kulturtilbodet i Austrheim blir serva gjennom ulike tenesteområde. Vi har bibliotek, frivilligsentral, samt musikk- og kulturskule. I tillegg har vi andre kulturelle tilbod.

Kulturavdelinga har både eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag som er gjensidig avhengig av kvarandre. Å utvikle kunnskap, dugleik og haldningar er element som blir sett på som viktige for å meistre livet og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet (Opplæringslova, § 1-1).

Kultur er ein viktig faktor for å utvikle barna sin identitet og er med å skape samkjensle til samfunnet. På den måten er kultur med på å påverka korleis vi skal oppføre oss, kva vi liker og korleis vi snakkar til kvarandre. Interaksjon mellom menneske, at menneske forstår kvarandre og kan ta kvarandre sitt perspektiv er sentralt. Kulturell forståing kan også skape eit interkulturelt perspektiv, og er ein måte å forstå verda på gjennom gjensidig avhengigheit, anerkjenning av verdier og symbolske representasjonar.

Kultur famnar om eit breitt spekter av tilbod og aktivitetar, og kommunen bruker ressursar på tilrettelegging av aktivitetsarenaer. Vi jobbar aktivt for å halde heimesida vår oppdatert, og det vil difor vere mest føremålstenleg å følgje med på informasjon som blir publisert her.

Eit av kulturtilboda vi arbeider med i Austrheim er UKM, der vi har fokus på det som skjer både på, bak og rundt scena, samt kreativ utfolding rundt hobbyar som

fotografering, måling og design med meir. Kvart år vert det arrangert «Havglede», der barn og unge kan lære å meistre nye ferdigheiter innan ulike former for havsport.

Vidare er kommunen opptatt av kulturarv som omfattar kulturminne og kulturmiljø, samt å synleggjere friluftsområde og fritidsaktivitetar.

Vi jobbar også aktivt med ulike typar tilskotsordningar, noko ein finn meir informasjon om på kommunen si heimeside.

Bibliotek

I Austrheim har vi kombinasjonsbibliotek, og biblioteket har særleg ansvar for tilbud til barn og unge.

Det er viktig med godt tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule, PP-tenesta, ungdomsklubb og bibliotek. Vi må også ha fokus på lesing i fritida og samhandling med foreldre.

Biblioteket tek del i fleire prosjekt i regi av fylket og Nasjonalbiblioteket for å auke leseglede og lese dugleik. Tilbodet skal vere lesefremjande, og vi skal legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet.



Hovudbiblioteket på Mastrevik



Formidling av litteratur er viktig for målgruppa småbarn og skuleelevar, både i skuletida og på fritida.

Biblioteket skal også ha speltilbod. Dette for å unngå utanforskap, og for å auke digital kompetanse.

Tilbodet er gratis, og biblioteket skal vere ein uavhengig

møteplass. Det er viktig at biblioteket har gode lokale, og at det er tilgjengeleg med god opningstid.



Frivilligsentral

Austrheim frivilligsentral arbeider for å skape mangfaldige møteplassar. Frivilligheita sine premiss skal ligge til grunn saman med lokale ønskjer der

samhandling mellom frivillige, lag og foreiningar, næring og kommune er eit suksesskriterium. Frivilligsentralen skal kontinuerleg stimulere til frivillig arbeid innanfor målgruppa. Vidare er det ei sentral oppgåve å leggje til rette for at barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familien sin sosiale og økonomiske situasjon.

Friluftsliv



Austrheim kommune har fire friluftsområde som er drifta av Bergen og Omland Friluftsråd.

På øyane Sauøyana og Børilden er det naturhamn. I Øksneset og i Årvika er det tur- og badeområde, parkeringsplass, toalett og gapahuk med sommarbibliotek. Me har dagsturhytte på Vardetangen med universell tilkomst på turveg. I området er det også frisbeebane. Det er elles mange turstiar i dei ulike grendene i kommunen.

Selsøyana er ein plass for rekreasjon og refleksjon. Her er det bryggje og tursti, samt formidling av motstandsørsla under andre verdskrig og lytteposten RISOR II. På Krossøyana er det tursti til Gavlen og formidling av det freda naustmiljøet. Til Hopland er det tursti og formidling av Kvernhusa. Ved Fosnstraumen er det mange funn frå steinalderen, og det er informasjonsskilt på steinalderstien.



Austrheim er eit eldorado for båt og kajakk. Padling er populært i kommunen med 489 øyar og holmar. Rongevær Kysthytte vert drifta av Bergen og Hordaland Turlag. Det vert jobba med fleire merka padleløyper.



Idrett

Austrheim Idrettslag (AIL) har avtale med Austrheim kommune om drift av idrettsparken. AIL skapar idrettsglede i nærmiljøet for medlemmar i klubben. Det er fleire fotballag med i seriar, samt boccialag. I tillegg fungerer AIL som Idrettsråd. I kommunen har me kunstgrasbane og grasbane, idrettshall og symjebasseng.



Austrheim svømmeklubb har trening i bassenget på Kaland skule og vakthald ved publikumsbading. Bassenget vert også brukt av skular og barnehagar.

Austrheim motorsport klubb har enn så lenge bane i Austrheimparken.

Ungdomskoordinator og ungdomsklubb

Ungdomskoordinatoren skal jobba med fritidstilbod og vera pådrivar i arbeidet med barn og ungdom i samarbeid med lag og organisasjonar. Ungdom skal oppleve at dei får delta i eit sosialt fellesskap og fritidsaktivitetar i Austrheim kommune. Ungdomskoordinator er mellom anna sekretær for Ungdomsrådet. Ungdom skal involverast og ha innflytelse på samfunnsutviklinga og sakar som gjeld ungdom. Ungdomskoordinator er med i gruppa som jobbar for trafikksikkerheit i kommunen.

Ungdomskoordinator og leiar for Austrheim Ungdomsklubb samarbeider tett, og søker om tilskot frå ulike aktørar til tilbod som ungdomsklubb, juniorklubb,

aktivitetar i skuleferiar, Havglede, Friskustur og Friskusklubb. Friskus er eit tilrettelagt fritidstilbod. Austrheim Ungdomsklubb er medlem i Ung og Fritid.

Helse og velferd

Barn som pårørende-kontakt

I følge Helsepersonell-lova § 10 a og b frå 2010 skal helsepersonell ivareta barn sine behov for informasjon og oppfølging som følgje av foreldre sin sjukdom, skade eller rusmiddelavhengigheit.



Frå 1. januar 2018 vart lova utvida til også å gjelde mindreårige barn som pårørende til søsken med dei same utfordringane. Formålet med lova er å sette barn og foreldre i stand til å meistre situasjonen og å førebygge problem. I desember 2021 vart det etablert fagnettverk mellom 18 kommunar i Helse- Bergen og Haraldsplass Diakonale

sjukehus sitt føretaksområde. Med nettverket ønskjer ein å auke samhandlinga og betre den koordinerte innsatsen mellom spesialisthelsetenesta og kommunane.

Ein helsesjukepleiar er med i fagnettverket som «Barn som pårørende -kontakt» i Austrheim kommune.

Bustadsosialt arbeid

Regjeringa sin nasjonale strategi for den sosiale bustadpolitikken (2021 – 2024) samlar og målrettar den offentleg innsatsen ovanfor vanskelegstilte på bustadmarknaden. Den sosiale bustadpolitikken skal førebyggje at personar får problem med bustaden sin, og gi hjelp til dei som ikkje klarer å skaffe seg og halde på ein eigen bustad. Målet er at alle skal kunne skaffe seg og halde på ein eigna bustad.

Den nasjonale strategien legg rammene for Husbanken sitt arbeid. For at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal bu godt og trygt i eigna bustad, vil Husbanken rettleie og følge opp alle kommunar gjennom eit tilbod av økonomiske

verkemidlar, aktivitetar og verktøy.

Fastlege

I Austrheim har vi fire fastlegestillingar og ein LIS-1 lege (lege i spesialisering, første del). Legekontoret ligg sentralt plassert i kommunehuset på Mastrevik. På ettermiddag, kveld, natt, i helgar og høgtidsdagar har vi legevakt i Knarvik.



Nyfødde får tildelt same fastlege som mor. Mor kan velje anna fastlege enn sine egne barn om ønskjeleg. Barnet bytter ikkje automatisk fastlege sjølv om mor gjer det, men ein kan bytte fastlege for egne barn under 16 år. Legetenester til barn under 16 år er gratis.

Alle som er busett i kommunen har rett til fastlege, men det er og mogleg å velje fastlege utanfor kommunen ein bur i.

Fram til ein er 12 år er det foreldra som bestemmer om ein skal gå til lege, få behandling og til dømes ta vaksine. Sjølv om foreldra bestemmer, skal dei lytte til kva barnet meiner, ønskjer eller tenkjer etter å ha fått tilpassa informasjon. Er ein mellom 12 og 16 år så skal det leggjast stor vekt på meininga til barnet/ ungdommen, sjølv om det er foreldra som bestemmer. Når ein er over 16 år er det ein sjølv som bestemmer over eiga helse, og ein kan sjølv bytte fastlege om ein ønskjer det.

Fastlegen har ansvar for koordinering av dei medisinskfaglege tenestene for pasientane på si liste. Det inneberer samarbeid og tilvising til andre ved behov, jf.. fastlegeforskrifta § 19. For pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester, utover det medisinskfaglege området, skal fastlegen informere om, og medverke til å utarbeide individuell plan samt sikre at vedkommande eventuelt får oppnemnt ein koordinator. Koordinatoren er ein viktig samarbeidspartnar for fastlegen.

Ergoterapeut- tenester 0–18 år

Tilbodet er gratis. Ein kan ta kontakt direkte med ergoterapeut, eller via helsestasjon, lege eller skule. Ein treng ingen tilvising eller erklæring for å ta kontakt med ergoterapi-tenesta.

Ein ergoterapeut har som føremål å sjølvstendigjere og å fremje aktivitet, deltaking og inkludering av barn og unge med ulike utfordringar.

Barn og unge utviklar og lærer gjennom lek og aktivitet i samspel med sine fysiske og sosiale omgjevnadar. Aktivitetsvanskar hindrar nokre barn og unge i å delta i aktivitet og å vere inkludert i aktivitet på lik linje i alle arenaer som er ønskjeleg. For barn og unge er aktivitet og deltaking knytt til kvardagssituasjonar, lek, skule- og fritidsaktivitetar saman med andre. Fokuset skal vere på barnet sine føresetnadar og funksjonsnivå.

I barnehagen vil ergoterapeut bidra med:

- trening av finmotoriske ferdigheiter opp mot skulestart, til dømes halde ein blyant
- kartlegge og tilretteleggje aktivitetar for at barnet skal klare seg mest mogleg sjølv (påkledning, ete sjølv)
- tilretteleggje ved fysiske hindringar; gardarobesituasjon, toalettsituasjon.

I skulesamanheng vil ergoterapeut bidra med;

- tidleg innsats ved læreavanskar, forseinka motorisk utvikling
- tilrettelegging og trening av grunnleggande ferdigheiter, som klippe, teikne, skrive, påkledning
- tilretteleggje for barnet for å sikre deltaking i friminutt med andre barn
- kartlegge og tilretteleggje for elevar med uro-/konsentrasjonsvanskar.

I heimen vil ergoterapeut bidra med;

- tilretteleggje for lek ute og inne
- Trene, kartlegge og tilretteleggje for at barnet skal bli mest mogleg sjølvstendig i kvardagen; gå på badet åleine, kle på seg, ete sjølv m.m.
- tilretteleggje for å lette omsorgsoppgåver knytt til barnet i form av velferdsteknologiske løysingar og hjelpemidlar (behov knytt til epilepsi-anfall, høyrsel, syn, døgnrytme, m.m.)



Ergoterapeut samarbeider med mange instansar; familie/pårørande kring barnet,

skule og barnehage, trenarar, helsestasjon, fysioterapeut, PPT m.m.

Fysioterapeut

Fysioterapeutar jobbar med kropp og rørsle for å fremje god helse. Ein kan få fysioterapi for å behandle ein sjukdom eller skade, og som førebyggjande/helsefremjande tiltak. Målet er at ein skal utvikle,



gjenvinne eller halde ved like funksjonsevne, utnytte eigne ressursar og bidra aktivt i å betre eiga helse.

I aldersgruppa 0–5 år kan ein ta kontakt med tenesta etter behov. Individuelle vurderingar av utvikling vert utført på førespurnad frå foreldre, lege, barnehage og helsesjukepleiar.

For barn i småskulealder består tenesta av å ta imot individuelle førespurnadar. Det kan vere bekymring om utvikling, haldning og smerter av ulike slag.

For ungdomsskulen har tenesta eit samarbeid med skule og skulehelsetenesta i 8. klasse. Helsesjukepleiar har årleg undervisning med tema kring trening og kosthald.

Kontaktinformasjonen til fysioterapitenesta finn ein [her](#). Det er også mogleg å ta kontakt via lege eller helsesjukepleiar. Det er ingen eigendel for barn til og med 16 år.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta 0–20 år

Formålet med helsestasjons- og skulehelsetenesta, er å fremje psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold samt sosial likskap i helse, å førebygge sjukdom, skadar og å bidra til å avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt. I samsvar med § 1 i *Forskrift om kommunens helsefremmande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta* jobbar helsesjukepleiarane for at føresette skal føle meistring og utvikle eit godt samspel med barna sine.

Helsestasjonstenesta 0–5 år



I avdelinga samarbeider helsestasjonen med jordmor, psykisk helse, helsestasjonslege og fysioterapeut. Andre viktige samarbeidspartnarar er fastlege, barnehage, familiekontoret, barnevernet, psykisk helseteneste, BUP, koordinerande eining, integreringstenesta og pedagogisk psykologisk teneste (PPT) etter behov.

Helsestasjonstenesta tilbyr:

- Heimebesøk etter fødsel og ved behov.
- Støtte og rettleiing tilpassa det enkelte barn og familie. Aktuelle tema er: amming, søvn, tannhelse, ernæring, psykomotorisk utvikling, motorikk, kropp og utforsking, rus, samspel/kommunikasjon, psykiske helse, vald og overgrep, språk, syn og høyrsel.
- Individtilpassa oppfølging.

Skulehelsetenesta

Formålet til skulehelsetenesta er, i samarbeid med skulen, å fremje elevane si helse, trivsel læring, samt gje dei kompetanse på eiga helse.



og

Skulehelsetenesta tilbyr:

- faste kontordagar på skulane, og ved ekstra behov. Det er eit gratis lågterskel-tilbod for alle elevar, tilsette og føresette ved skulen. Aktuelle utfordringar for elevane kan vere til dømes vanskeleg familiesituasjon, opplevd belastande livshendingar, utfordringar i samspel med andre, mobbing, vekstutvikling, lite sosialt nettverk, emosjonelle utfordringar, endring i åtferd og høgt skulefråvær.
- Arbeid for å fremje barn si utvikling, trivsel og meistring, både på individ- og gruppenivå.
- Gjennomfører individuelle samtalar, gruppesamtalar, planlagd undervisning etter behov.

- Samarbeider tverrfagleg både i samband med enkeltelevar og på systemnivå.
- Gjev foreldrerettleiing samt rettleiing og råd til tilsette i skulen.
- Prevensjonsrettleiing.
- Gjennomføring av «uke 6».

Helsestasjon for ungdom (HFU)

HFU er eit gratis tilbod for ungdom i tillegg til skulehelsetenesta. Råd og hjelp frå helsesjukepleiar og lege etter behov.



Aktuelle tema: Fysisk eller psykisk helse, trivsel, søvn, kosthald/ernæring, rus, prevensjon, seksuell helse, eller andre helsespørsmål.

Forebygge og avverje vald:

- Filmen "I trygge hender", vert vist til alle foreldre på helsestasjonen i barseltida.
- "Uke 6", Tema om "Kropp og seksualitet" på alle trinn i grunnskulen.
- "Psykologisk 1. hjelp"
- Undervisning vald og å setje egne grenser.
- Tema på 4 års konsultasjon.
- Skulestartkonsultasjon.
- 3.kl.-samtale.
- 8.kl.-samtale "Livet og sånn."
- Snakkemedbarn.no

— HVOR —
LITE
skal du finne deg i?

Jordmor

Austrheim kommune har saman med Fedje kommune 40% jordmor-teneste. Avtalen omfattar vanlege konsultasjonar i løpet av svangerskapet.



Gravide må møte opp på helsestasjonen. Jordmor føl opp med heimebesøk etter fødsel. Individtilpassa oppfølging i henhold til nasjonale retningslinjer

Kommunepsykolog

Kommunepsykolog er ei lovpålagt teneste for kommunane. I Austrheim kommune startar ny kommunepsykolog i ei 100% stilling 1. desember 2023. Austrheim kommune deler tenesta saman med Fedje kommune der Austrheim kommune er vertskommune.

Oppgåvene er tenkt tredelt, med hovudfokus på:

1. Førebyggjande og kurative tenester til innbyggjarane, både til individ og grupper.
2. Rettleiing og fagstøtte til andre tenesteytarar og faggrupper i kommunen.
3. Plan- og utviklingsarbeid på systemnivå.

Psykisk helse og rus

Tilbodet til psykisk helse og rus er for innbyggjarar over 18 år. Det er fleksibelt og blir tilpassa den enkelte sin situasjon. Personar frå 16 år kan vurderast. Tilbod:

- råd og rettleiing
- personleg oppfølging og samtalar
- kartlegging og motivasjonssamtalar
- tilvising til behandling i spesialisthelsetenesta (avdeling for rusmedisin) – kommunen har ansvar for å følgje opp både før, under og etter behandlinga




- gruppetilbod
- hjelp til å lage struktur i kvardagen og finne meiningsfulle aktivitetar
- individuell plan og hjelp til å finne riktige tenester
- sosiale aktivitetar

Når det er naturleg og ønskjeleg kan også pårørande bli involvert. Den enkelte må sjølv ønskje samt vere motivert for å ta imot behandling. Er ein ikkje motivert for eit behandlingssopplegg akkurat no, kan kommunen tilby andre støttetiltak.

Samarbeid med NAV

Det er viktig at innbyggjarane i Austrheim kommune har gode levekår med sosial og økonomisk tryggleik. Dette kan ein gjere ved å få flest mogeleg ut i arbeidslivet, bidra til at utsette barn, unge og deira familiar får eit heilskapleg samordna tenestetilbod, og på denne måten kan ein få likeverd, likestilling og førebyggje sosiale problem. Nav Fensfjorden kan hjelpe med og bidra til:

- Sikre økonomisk hjelp
- Skaffe bustad
- Gje økonomisk råd og rettleiing
- Få seg utdanning
- Arbeidsretta tiltak
- Økonomisk retta kurs for ungdom «Forsvarleg ungdom»



NAV kan i denne samanheng bidra til hjelp og støtte for heile familien. Dette vert gjort gjennom å gje hjelp til sosial integrering, skaffe bustad, gje råd og rettleiing til økonomisk uavhengigheit, og av det gje moglegheit for sjølvhjelp til heile familien. I dette ligg det å sikre familien sitt økonomiske grunnlag for å kunne klare seg og på den måten gje moglegheit til å delta aktivt i samfunnet.

NAV skal vere med å hindre utanforskap ved mellom anna å hjelpe vaksne ut i arbeidsretta tiltak, gje barn og unge moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, og å støtte unge til å få seg ei utdanning.

NAV skal også ha fokus på at familieane har ein god busituasjon. Ein god bustad er eit viktig utgangspunkt for at barn og unge har gode vilkår for oppvekst og utvikling, samt kunne delta og yte i kulturelle og sosiale aktivitetar i lokalsamfunnet. Det er ei målsetting å bidra til at barn og unge ikkje vert ståande

utanfor i samfunnet.

NAV samarbeider med skulane. Målet med samarbeidsprosjektet er å skape ansvarleg ungdom ved å heve kompetansen og skape bevisstgjerung om gjeld og økonomi hjå unge. Altså å gjere ungdommen betre i stand til å forvalte eigen økonomi. NAV har utarbeida undervisningsopplegget: «Grunnleggande kunnskap om økonomi.» Opplegget vert gjennomført på 10. trinn.

Samarbeid med Politiet

Politiet vert årleg invitert til alle skulane i kommunen. Tema for desse møta kjem ein fram til i samarbeid mellom politiet, oppvekstforum og rektor. "Delbart," som er eit førebyggjande undervisningsopplegg om seksualiserte bilete og videoar, vert eit fast opplegg kvart tredje år på alle skulane, elles vil tema som rusførebygging og trafikktrygging vere aktuelle.

Kunnskapsgrunnlaget til planen: Målgruppe


Det er avgjerande å kjenne tilstanden i kommunen for å setje gode mål og strategiar, og vidare leggje fram passande oppdrag og tiltak for å nå måla. I det følgjande vil kunnskapsgrunnlaget til planen bli presentert. Med kunnskapsgrunnlag meiner ein her informasjon som seier noko om situasjonen og tilstanden i Austrheim kommune for målgruppa vår; barn, unge og deira føresette.

Barnevernsreforma/Oppvekstreforma som tredde i kraft 01.01.2022, legg tydelege føringar for kommunen sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Dette påverkar såleis planen sitt innhald kva vedkjem delmål, oppdrag og tiltak.

Kommunen har henta fram Oppvekstprofilen og Folkehelseprofilen frå 2023. Folkehelseinstituttet står bak publiseringane av desse, som bygger på statistikk frå ulike sektorar samla på ein stad. Oppvekstprofilen og Folkehelseprofilen gjev ein god peikepinn på korleis oppvekstvilkåra er i kommunen. Indikatorane er henta frå Ungdata-undersøkinga, statistisk sentralbyrå, NAV, Utdanningsdirektoratet med fleire. Desse blir omtalt i det følgjande.

Oppvekstprofil 2023

Oppvekstprofilane er utarbeida i samarbeid mellom fem ulike direktorat og Folkehelseinstituttet, på oppdrag frå 0–24-samarbeidet. I oversikta nedanfor vert nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnene er det teke omsyn til at befolkinga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn elles i landet



- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Oppvekst og levekår

- Talet barn som bur i hushaldningar med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landsgjennomsnittet og kjem ut med ein skåre som er signifikant betre. Vedvarande låg hushaldningsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldningsinntekt i Norge.
- Indikator 8 i oppvekstprofilen syner at det er unge i kommunen som rapporterer at dei opplever at dei står utanfor. Dette er likevel ikkje signifikant forskjellig frå landsgjennomsnitt.
- Indikator 9 omhandlar både pedagogtettleik og bemanningssituasjonen i barnehagane i kommunen. Resultatet er signifikant betre enn landsnivået.
- Talet ungdomsskuleelevar som rapporterer at dei har høg tilfredsheit med livet, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Resultatet inkluderer dei som svarer 8 eller høgare på ein skala frå 0-10, der 0 er det verst moglege livet dei kan tenke seg, og 10 er det best moglege. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga.
- Talet ungdomsskuleelevar som rapporterer at dei er svært eller litt nøgd med lokalmiljøet, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Tala er henta frå Ungdata-undersøking.
- Talet ungdomsskuleelevar som rapporterer at dei trenar sjeldnare enn kvar veke er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået

Folkehelseprofil 2023

Folkehelseprofilen er eit bidrag frå Folkehelseinstituttet til kommunen sitt arbeid med å skaffe oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør lov om folkehelsearbeid.

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Austrheim
Befolning	1 Andel barn, 0-17 år	19,9	21,0	20,4	prosent	
	2 Andel over 80 år	5,9	4,7	4,4	prosent	
	3 Andel 80 år+, framskriven til 2040	9,6	8,6	8,2	prosent	
	4 Personar som bur aleine, 45 år +	24,8	25,0	26,3	prosent	
	5 Befolningsvekst	1	0,39	0,63	prosent	
Oppvekst og levekår	6 VGS eller høgare utdanning, 30-39 år	80	83	81	prosent	
	7 Vedvarande låg inntekt, 0-17 år	8,6	9,8	12	prosent	
	8 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,8	2,7	2,8	-	
	9 Barn av einslege forsørgjarar	12,6	13,1	14,7	prosent	
	10 Unge som står utafør, 15-29 år	9,4	8,9	9,5	prosent (a,k)	
	11 Leiger bustad, 45 år +	10,6	12,0	12,2	prosent	
	12 Bur trengt, 0-17 år	17	18	18	prosent	
	13 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	32	25	23	prosent (k)	
	14 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	35	23	24	prosent (k)	
	15 Gjennomføring i vdg. opplæring	70	80	79	prosent (k)	
	16 Høg tilfredsheit med livet, Ungd. 2021	40	49	49	prosent (a,k)	
Miljø, skadar og ulykker	17 Drikkevavn, hygienisk og stabilt	0,0	95,1	90,7	prosent	
	18 Luftkvalitet, finkorna svevestøv	3,1	3,9	4,8	µg/m³	
	19 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2021	84	87	85	prosent (a,k)	
	20 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2021	50	61	60	prosent (a,k)	
	21 Fornøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2021	57	68	68	prosent (a,k)	
	22 Fornøgd med treffstadar, Ungd. 2021	53	43	46	prosent (a,k)	
	23 Einsemd, Ungdata 2021	30	26	25	prosent (a,k)	
	24 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	33	24	27	prosent (k)	
Helse- relatert Årferd	25 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2021	44	46	49	prosent (a,k)	
	26 Røyking, kvinner	-	2,3	2,8	prosent (a)	
Helse- tilstand	27 Forventa levealder, menn	79,3	80,5	80,1	år	
	28 Forventa levealder, kvinner	85,2	84,5	83,9	år	
	29 Utd.forskjell i forventa levealder	-	5	5,1	år	
	30 Psykiske sympt./lidingar, 0-74 år	124	142	160	per 1000 (a,k)	
	31 Overvekt og fedme, 17 år	27	22	22	prosent (k)	
	32 Hjarte- og karsjukdom	20,8	18,5	17,2	per 1000 (a,k)	
	33 Antibiotikabruk, reseptar	274	269	262	per 1000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdeknjing, meslingar, 9 år	96,7	98,0	97,3	prosent	

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårlegere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- Verdien for landet som helhet
- Variasjonen mellom kommunene i fylket
- De ti beste kommunene i landet

Mange påverknadsfaktorar er grunnleggande for helsa. Ei rekke føresetnader for utvikling blir lagt allereie i mor sitt liv. Vi er prisgitt den familien vi vert fødd inn i, og dei oppvekstvilkåra som bustad, nærmiljø, skule og venter som følgjer med. Dei vilkåra vi veks opp i dannar grunnlaget for resten av livet vårt, kva kunnskap vi klarar å tileigne oss, val av fritidsaktivitetar, utdanning og levevanar. Det spelar òg inn på kva inntekt og arbeid vi får, og kva bustadområde vi bur i.

Vidare spelar det inn på kva vilkår ein som føresette kan gje barna. Personlegdom, individuelle styrkar og svakheiter er ulikt fordelt, det er ikkje vist at desse er knytt til foreldra sin bakgrunn. Kvar og ein av oss opererer innanfor rammene av eige liv.

Livsvilkår er i denne samanheng individet sine moglegheiter for å kunne utnytte sitt potensiale. Graden av heilskapleg tenking rundt individet er med på å bestemme i kva grad dette potensialet vert nådd (Folkehelseoversikt for Vestland, 2019–2023).

Noreg har slutta seg til dei 17 berekraftsmåla til FN (FN, 2020). Dette er globale mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Det bør difor vera eit mål for Austrheim kommune, med utgangspunkt i dei statistikkane vi har, saman med brei lokal kunnskap, å strekka oss etter å nå desse måla. Både med tanke på folkehelse i kommunen, men også med tanke på korleis handlingane våre påverkar landet elles.

Utviklinga i kommunen vår vil seia noko om vi går i positiv eller negativ retning. Folkehelse rapporten er såleis eit grunnlag for dei vidare drøftingane: Kva er årsaka til at det er slik hos oss? Kva vil konsekvensen for innbyggjarane vera, og kva har dette å seie for kommunen vår?

I og med små forhold i Austrheim kommune, kan noko av statistikken gje store utslag. Likevel er statistikken eit viktig verktøy og grunnlag for vidare arbeid – den peikar på kva vi bør undersøkje nærare. Prosessen rundt folkehelse rapporten har vore svært nyttig i seg sjølv, då det også kjem fram område kor vi manglar datagrunnlag. Folkehelse rapporten er gjeldande fire år fram i tid. Det vil variere frå når statistikkane er henta ut. Tala frå dei offentlege statistikkbankane vert lagt ut kontinuerleg, men ikkje alle tabellane er oppdaterte. Det har ikkje vore høve til å oppdatera statistikken i denne folkehelseoversikten parallelt med dei offentlege statistikkbankane. Heilt overordna er det godt og trygt å bu i Austrheim kommune, og det er ikkje store skilnadar mellom Austrheim og landet elles på dei fleste områda.

Mål og strategiar

Arbeidet skal etter planen mellom anna bidra til ei overordna forankring av det

førebyggjande tilbodet og fordelinga av kommunen sine ressursar til dette arbeidet. Kommunen vurderer at måla knytt til det førebyggjande arbeidet er tatt vare på innanfor summen av måla knytt til arbeidet med barn og unge. Planen inneheld altså ikkje egne mål for kommunen sitt arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem, jf. den nye vedtekne bestemminga i barnevernloven § 3-1 andre ledd.

I stortingsmelding 18 (2020–2021) presenterer regjeringa for første gong barne- og ungdomskulturfeltet som eit samla politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Barn og unge skal ha eit kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet. Dei skal oppleve kunst og kultur som er laga for dei, som involverer dei og som dei kan ta del i. Dei skal få tilgang til arenaene dei treng for å utvikle skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Både i kultur- og fritidslivet, i barnehagen og i skulen.

Stortingsmelding 8 (2018–2019) viser den overordna politiske retninga for kulturpolitikken framover, gjer greie for prioriteringar og presenterer nye nasjonale kulturpolitiske mål. Måla viser at kulturpolitikken er ei nasjonal satsing, der verkemiddel og tiltak både på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå høyrer med. Hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Det å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for den enkelte, og inneber òg at ein blir vand med å møte eit mangfald av meiningar og ytringsformer. Slik kan kulturlivet fremje toleranse og forståing for andre og skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og samfunn.

Mål

Hovudmål	Delmål
Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet.	Gravide i Austrheim kommune med særleg bekymring, får ekstra tverrfagleg oppfølging.
	Ta i bruk forskingsbaserte program som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune har god sosial- og emosjonell kompetanse.
	Delta i opplæringsprogram samt implementere kunnskapen som skal sikre at barn og unge i Austrheim kommune møter tilsette med kompetanse innan rus, psykisk helse og vald.
	Austrheim kommune har ein berekraftig bustadpolitikk som mellom anna skal sikre at fleire skal kunne eige eigen bustad.

Hovudmål	Delmål
Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.	Barn og unge i Austrheim kommune opplever å vere ein del av eit positivt skulemiljø der skulefagleg og sosiale ferdigheiter blir styrka.
	Barn og unge i Austrheim kommune, som ønskjer det, har ein reell moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av familien sine økonomiske- og sosiale ressursar.
	Austrheim kommune jobbar saman med føresette for å auke forståinga av kor viktig sensitivt samspel mellom omsorgsgjevar og barnet er for barnet si utvikling.
	Utsett ungdom mottek tenestetilbod der det er mest føremålstenleg for ungdommen
	Barn og unge i Austrheim får eit likeverdig tilbod knytt til matglede og matkultur som spelar positivt inn på fysisk og psykisk helse.
Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag.	Kommunen jobbar systematisk for at barn og unge i Austrheim opplever meistring og læring.
	Barn og unge i Austrheim er aktive i arbeidet mot mobbing, utanforskap og psykiske vanskar.
	Barn og unge i Austrheim kommune skal ha kjennskap til mangfaldet som friluftsområda våre utgjør.
	Samarbeid i Nordhordland Kompetanseregion skal bidra til å ruste tilsette i oppvekstsektoren for den framtida som kjem, og bidra til at barn og unge får god og likeverdig opplæring.
	Samarbeid i fag og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus, skal bidra til å ruste tilsette i oppvekst- og helsesektoren for den framtida som kjem, og bidra til at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester.
I Austrheim kommune skal vi auka talet på unge som fullfører vidaregåande opplæring.	Unge i Austrheim kommune har moglegheit for å fullføre vidaregåande opplæring uavhengig av funksjonsnivå.
	Ta i bruk samhandlingsmodell for tverrfagleg og tverrsektoriell oppfølging som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune blir møtt med kvalitetssikra, heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga.
Austrheim kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremmer god livskvalitet.	Barn og unge i Austrheim har lik tilgang til det kulturelle mangfaldet i og rundt kommunen vår, uavhengig av familien sine sosiale og økonomiske ressursar. Tilgang til bibliotek for alle i skuletid og fritid.
	Kulturskule for alle.

- Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet. Kommunen sin storleik gjer det mogleg å ha gode samhandlingspunkt kring barn og unge sine oppvekstvilkår og ha trygge rammer for oppvekstmiljøa. Vi har tidleg innsats og får gjennom systematisk arbeid med førebygging og aktiv medverknad i heile laget kring barn og unge, redusert risikopunkt for negativ utvikling på miljø, utdanning og helse.
- Gravide i Austrheim kommune med særleg bekymring får ekstra tverrfagleg oppfølging. Ein må sikre at alle aktuelle fagmiljø blir involvert i individualsaker som omhandlar gravide med særleg bekymring. Ha tett oppfølging utan opphald.
- Ta i bruk forskingsbaserte program som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune har god sosial- og emosjonell kompetanse. Kommunen arbeidar aktivt med å gje barn og unge dei verktøy som er naudsyn til å få sosial- og emosjonell kompetanse.
- Delta i opplæringsprogram samt implementere kunnskapen som skal sikre at barn og unge i Austrheim kommune møter tilsette med kompetanse innan rus, psykisk helse og vald.
- Alle tilsette i Austrheim kommune som arbeidar med barn og unge skal ha god kompetanse innan rus, psykisk helse og vald. Det handlar om å førebyggje samt fange opp utfordringar så tidleg som mogleg.
- Austrheim kommune har ein berekraftig bustadpolitikk som mellom anna skal sikre at fleire skal kunne eige eigen bustad. Austrheim kommune treng ein bustadsosial handlingsplan for å gje innbyggjarane heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Planen skal vere eit politisk og administrativt forvaltningsverktøy med overordna rammer og føringar.
- Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. Sjølv om kommunen har satsa på nærmiljø og nærskuler, fungerer samhandlinga mellom skule- og barnehagemiljøa slik at dei jobbar for felles resultat og samla utgjør ein heilskap for oppvekstsektoren.

- Barn og unge i Austrheim kommune opplever å vere ein del av eit positivt skulemiljø der skulefagleg og sosiale ferdigheiter blir styrka. Skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane vert motivert og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Eit systematisk arbeid er avgjerande for å skape eit trygt og godt skulemiljø.
- Barn og unge i Austrheim kommune, som ynskjer det, har ein reell moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av familien sine økonomiske- og sosiale ressursar. Barn i familiar med låg inntekt deltek i mindre grad i organiserte aktivitetar enn andre barn. Dei går dermed glipp av ein viktig arena for barn og unge der dei kan treffe andre og få moglegheit til å utvikle sine ferdigheiter.
- Austrheim kommune jobbar saman med føresette for å auke forståinga av kor viktig sensitivt samspel mellom omsorgsgjevar og barnet er for barnet si utvikling. Trygge og bevisstgjere barna sine omsorgsgjevarar gjennom rettleiing.
- Utsett ungdom mottek tenestetilbod der det er mest føremålstenleg for ungdommen. Føremålet er at utsette barn mottek fleire tenester i kjente og trygge omgivadar i staden for å reise ein annan stad for å ta imot tilbodet.
- Barn og unge i Austrheim får eit likeverdig tilbod knytt til matglede og matkultur som spelar positivt inn på fysisk og psykisk helse. Vanar og handlingsmønster tek form allereie frå tidleg alder. Gode vanar som vert tileigna i tidleg alder, kan vare livet ut. Kommunen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.
- Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag. Austrheim kommune har gjennom ei årrekke satsa på barn og unge gjennom gode og tilgjengelege pedagogiske miljø og eit rikt og mangfaldig fritidstilbod. Det er lagt vekt på at alle barn skal sjåast og få god oppfølging.

- Kommunen jobbar systematisk for at barn og unge i Austrheim opplever meistring og læring. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og handlingar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Rett kompetanse på rett plass. At skulen har sikra trygt og godt læringsmiljø. Varierte undervisningsmetodar og djupnelæring. PALS – ein skuleomfattande innsatsmodell som skal sikre og trygge elevane, samt utvikle det pedagogiske personalet.
- Barn og unge i Austrheim er aktive i arbeidet mot mobbing, utanforskap og psykiske vanskar. Barn og unge blir involvert i arbeidet mot mobbing, utanforskap og psykiske vanskar. Barn og unge har innsikt i utfordringane då dei er målgruppa, og er difor ein viktig ressurs når vi saman skal førebyggje nettopp mobbing, utanforskap og psykiske vanskar. Eit døme her kan vere å arrangere aktivitetar som skal skape inkludering.
- Barn og unge i Austrheim kommune skal ha kjennskap til mangfaldet som friluftsområda våre utgjer. Det handlar om verdien av å ta vare på våre friluftsområde. Barn og unge i Austrheim kommune bidreg aktivt i planlegging og gjennomføring av strandryddeaksjonar. Det handlar om å sikre at barn og unge har gode verdiar når det kjem til vern av naturen vår samt å ta vare på nærrområda våre.
- Samarbeid i Nordhordland Kompetanseregion skal bidra til å ruste tilsette i oppvekstsektoren for den framtida som kjem, og bidra til at barn og unge får god og likeverdig opplæring. Rett kompetanse hos dei tilsette er avgjerande for å ha høg fagleg kvalitet på tenestene som kommunen leverer.
- Samarbeid i fag og tenesteutvikling i- og rundt Region Nordhordland Helsehus, skal bidra til å ruste tilsette i oppvekst- og helsesektoren for den framtida som kjem, og bidra til at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester. For å nå mål og føremål med Region Nordhordland Helsehus er det einigheit om at partane skal samarbeide om felles satsingar knytt til fag og tenesteutvikling i samarbeidsprosjekt: Fag og tenesteutvikling i- og rundt Region Nordhordland Helsehus. Meir informasjon finn ein [her](#):

- Barn og unge i Austrheim kommune har moglegheit for å fullføre vidaregåande opplæring uavhengig av funksjonsnivå. Kvar femte elev fullfører ikkje vidaregåande opplæring, og mange er ikkje godt nok førebudd til utdanning og arbeid. Det er alvorleg fordi det avgrensar ungdom og vaksne sine moglegheiter til å velje sin veg i livet. Austrheim kommune ønskjer å sikre at vi gjer ein god nok jobb – uavhengig av eleven sitt funksjonsnivå.
- Ta i bruk samhandlingsmodell for tverrfagleg og tverrsektoriell oppfølging som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune blir møtt med kvalitetssikra, heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga. Det er avgjerande at det er etablert system for tverrfagleg samarbeid. Fagmiljø må ha arenaer der dei møtast for å saman løyse utfordringar til det beste for barn og unge i kommunen vår.
- Austrheim kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjar god livskvalitet. Det skal vere enkelt å ta gode val for helsa i kvardagen. Å gjere mennesket i stand til å gjere gode val for eiga helse. Involverast aktiv i avgjersle om forhold som påverkar eiga helse. Deltaking og eigarskap. Kvardagsarenaer som fremjar livskvalitet. Meiningsfulle aktivitetar for alle i nærmiljøet. Verkemidlar til å skape eit lokalsamfunn som fremjar livskvalitet.
- Austrheim kommune skal fremje frivilligheita si verdi som samfunnsbygger. Dette gjer me mellom anna ved å dele ut kommunale kulturmidlar, låne ut offentlege lokale vederlagsfritt, hjelpe til i søknadsprosessar om eksterne tilskot og forskottere spelemidlar. Austrheim kommune legg til rette for frivilligheitsarbeid og lokale lag og organisasjonar kan samhandle for å auke, sikre, betre og utvikle livskvaliteten i kommunen.

Strategiar

Fleire av strategiane blir tatt hand om ved at kommunen no *har* ein temaplan for oppvekst, og såleis eit felles dokument som skal synleggjere satsingane til kommunen, og sikre at sektoren arbeidar mot felles mål.

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Felles retningslinjer.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.	Barn og unge
Sikre høg kvalitet på kompetansen til dei som jobbar med barn og unge.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag.	Barn og unge
Fagmiljøa jobbar mot felles mål.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet.	Barn og unge
Felles årlege evalueringar av undersøkingar som ungdomdata eller anna kunnskapsgrunnlag.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.	Barn og unge
Sikre at barn og unge har god kjennskap til det mangfaldige samfunnslivet, friluftslivet og næringslivet i Austrheim.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag.	Barn og unge
Austrheim kommune skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats med fokus på tverrfagleg samarbeid og koordinering.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet.	Barn og unge
Austrheim kommune skal vidareutvikle det heilskaplege og systematiske arbeidet for å sikre at ressursar på tvers av sektorar og tenester vert utnytta målretta og effektivt rundt barn, unge og familiane deira.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet.	Barn og unge
Tydelege indikatorar for likebehandling, mangfald og kvalitetsmålingar.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet.	Barn og unge
Etablere system som tidleg fangar opp barn og unge med risiko eller særlege behov.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.	Barn og unge
Barn og ungdom blir inkludert i prosessar som har direkte påverknad på deira kvardag.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.	Barn og unge
Med eit heilskapleg blikk skaper vi gode oppvekstmiljø for alle barn og unge.	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.	Barn og unge
Samarbeid og samhandling mellom dei frivillige organisasjonane.	Austrheim kommune skal fremje frivilligheita si verdi som samfunnsbygger.	Barn og unge
Legge aktivt til rette for samlingar for elevar på tvers av skulane i Austrheim.	Austrheim kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremmer god livskvalitet.	Kultur idrett og frivillig arbeid.
Austrheim kommune vil legge til rette for kulturelle møtestadar.	Austrheim kommune skal bidra til at aktørar i Austrheim-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggjarane.	Kultur idrett og frivillig arbeid.

Samarbeid og samhandling mellom dei frivillige organisasjonane er viktig for kommunen. Austrheim kommune sikrar representative kontaktflater gjennom idrettsråd, frivilligråd osv. samstundes legg ein aktivt til rette for samlingar for elevar på tvers av skulane i Austrheim. Ved å opparbeide gode nærmiljøanlegg tilknytt skulekrinsane, vil ein samtidig oppnå gode møteplassar for skuleelevane på tvers av skulekrinsane.

Austrheim kommune vil tilretteleggje for digitale arenaer innan kultur- og idrettsfeltet, samt gode digitale rammeføresetnader. Kommunen vil leggje til retter for at immaterielle kulturminne vert tatt vare på, digitalisert og gjort tilgjengelege på verdsveven. Utvikle kompetanse om rettar og gi ut dette på nett.

Handlingsdel

Målet med ein temaplan for oppvekst er å utvikle eit grunnlag for strategiske val og meir konkrete tiltak i eit 4-års perspektiv. Planen er såleis eit styringsdokument for dei folkevalde og administrasjonen. Den skal sikre forsvarlege tenester for barn, unge og deira føresette innanfor eit aldersspenn frå 0-24 år. Temaplan for oppvekst viser også korleis Austrheim kommune legg til rette for barn og unge når det gjeld folkehelse, kultur, idrett og fritid. Tiltaka i lista under er altså ei liste av aktuelle og kjende tiltak og oppdrag, som ein vurderer i planperioden per no.

I arbeidet med å sikre at kommunen best mogleg jobbar førebyggjande og med felles retningslinjer, har barnehagane og skulane sett på fleire program. I dette arbeidet har kommunen vore i tett dialog med forskjellige forskings- og kunnskapssenter, og vi har vurdert dokumentasjonen bak dei enkelte programma, mellom anna gjennom Ungsinn.no. Ungsinn inneheld systematiske kunnskapsoppsummeringar om enkelttiltak. Her finn ein både praktisk informasjon om tiltaka og grundige gjennomgangar av kor godt dokumentert effekten av tiltaka er. Ungsinn vert drive av Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, Nord (RKBU Nord) ved UiT Norges arktiske universitet på oppdrag frå Helsedirektoratet og Barne- ungdoms- og familiedirektoratet.

Vil du lese meir om ungsinn kan du klikke [her](#)

Tiltak og oppdrag

Tiltak førebyggjande arbeid

Namn	Satsingsområde	Hovudmål	Delmål
Implementere <i>De utrolige årene</i>	Barn og unge	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet.	Ta i bruk forskingsbaserte program som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune har god sosial- og emosjonell kompetanse.
Implementere MOT	Barn og unge	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag.	Barn og unge i Austrheim er aktive i arbeidet mot mobbing, utanforskap og psykiske vanskar.

De Utrolige Årene (DUÅ)

De Utrolige Årene er ein av dei best dokumenterte programseriane i Noreg for å hjelpe barn med åtferds- og sosiale vanskar og familiare deira. DUÅ er ei nasjonal satsing frå Helsedirektoratet, og har som mål å fremje barn si psykiske helse.

Programmet vert følgt opp i samarbeid med Fensfjorden PPT, RKBU Nord (Universitetet i Tromsø) og RKBU Vest (NORCE). Dette for å sikre god nok forankring og kontinuitet i arbeidet.

Skule- og barnehageprogrammet sitt mål er ein felles fagleg plattform for målretta arbeid med barn si psykiske helse og førebygging av åtferdsproblem. Programmet har eit solid teoretisk fundament og det inneheld ei god skildring av programmet sine innhaldskomponentar og opplæringsstrategiar. I tillegg til å redusere problemåtferd og auke sosial kompetanse hos barn, ønskjer òg programmet å bidra til positive endringar i barn-vaksen relasjonar og auke foreldra si involvering i det barna gjer i barnehagen.

I Ungsinn (Database for verksame tiltak for barn og unge) ver DUÅ sitt skule- og barnehageprogram klassifisert på evidensnivå 4 – Tiltak med tilfredsstillande dokumentasjon på effekt.



Implementere MOT

MOT sitt livsmeistringskonsept består av tre livsverdiar som er meint for å nå inn til ungdom sine hjarter, og fem program for skule, lokalsamfunn og entusiastiske MOT-coachar som når inn til ungdommane.

Sidan 1994 har MOT utvikla eit konsept som skal førebyggje øydelagde liv, kriminalitet og sosiale samfunnsproblem. Meininga er at ungdom sjølv brukar MOT på sin eigen måte. Erfaring med organisasjonen MOT er at ungdom liker å vere sjølvbyggerar dersom dei får moglegheit, rettleiing og verktøy til det.

Kommunen har hatt dialog med Masfjorden kommune om deira måte å jobbe med programmet på, og ønskjer å legge opp til ein lik praksis på dette feltet.

Oppdrag førebyggjande arbeid

Namn	Hovudmål	Delmål
Vidareføre <i>PALS</i>	Barn og unge i Austrheim kommune opplever å vere ein del av eit positivt skulemiljø der skulefagleg og sosiale ferdigheiter blir styrka.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Implementere <i>Allemed</i>	Barn og unge i Austrheim kommune, som ønskjer det, har ein reell moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av familien sine økonomiske- og sosiale ressursar.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Delta i opplæringsprogrammet <i>Tidlig inn</i>	Delta i opplæringsprogram samt implementere kunnskapen som skal sikre at barn og unge i Austrheim kommune møter tilsette med kompetanse innan rus, psykisk helse og vald.	17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Opprette BTI-rettleiar	Ta i bruk samhandlingsmodell for tverrfagleg og tverrsektoriell oppfølging som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune blir møtt med kvalitetssikra, heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga.	
Sikre brei forankring av ICDP	Ta i bruk forskingsbaserte program som skal bidra til at barn og unge i Austrheim kommune har god sosial- og emosjonell kompetanse.	17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder

Bustadsosial handlingsplan	Austrheim kommune har ein berekraftig bustadpolitikk som mellom anna skal sikre at fleire skal kunne eige eigen bustad.	17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder.
Bidra i tilrettelegging for ferieaktivitetar, juniorklubb og ungdomsklubb	Barn og unge i Austrheim kommune, som ønskjer det, har ein reell moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av familien sine økonomiske- og sosiale ressursar.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Etablere "Familiens hus" i Austrheim kommune.		01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Greie ut tilbod om ungdomsfritidsordning (UFO)	Utsett ungdom mottek tenestetilbod der det er mest føremålstenleg for ungdommen.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Ungjobb i Austrheim kommune	Kommunen jobbar systematisk for at barn og unge i Austrheim opplever meistring og læring.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.

Vidareføre *PALS*

PALS – Positiv åtferd, støttande læringsmiljø


PALS er ein av dei best dokumenterte modellane i Noreg for å fremje sosiale og skulefaglege ferdigheiter, samt å førebyggje og redusere problemåtferd blant grunnskuleelevar.

Modellen vert følgt opp i samarbeid med Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge, NUBU, og Fensfjorden PPT. Dette for å sikre god nok forankring og kontinuitet i arbeidet. Gjennom å gje opplæring og rettleiing til kommunalt tilsette vert kompetansen som vert tilført, lokalt forankra og tilpassa til kommunen og skulen sine behov. Gjennom å lære opp tilsette i PPT saman med tilsette på skulane som rettleiarar i modellen, får skule og PPT eit felles språk, forståing og tiltak for å møte utfordringar ein står ovanfor. Opplæring av rådgjevarar i PPT i PALS vil òg vere ei styrking av det systemretta arbeidet som er ein del av PP-tenesta sitt mandat, samtidig som PALS-modellen i skulane fokuserer på ei skuleomfattande systemisk tilnærming.

NUBU er forankra i avtale mellom Barne- og familiedepartementet og Universitetet i Oslo. Senteret si oppgåve er å bygge eit miljø for forskning på utbreiing av problemåtferd og samansette vanskar, å utvikle og implementere program og tiltak, samt å evaluere og undersøkje kva som fungerer.

Alle elevar og tilsette i 1.-10. klasse er i målgruppa for modellen. Alle involverast i og utanom undervisningssituasjonen på alle skulen sine område. PALS er ei norsk tilpassing av School-Wide Positive Behavioral Intervention and Support (SW-PBIS) som mellom anna er utvikla ved Universitetet i Oregon. Modellen er vidareutvikla og tilpassa norske forhold av NUBU, som òg er ansvarleg for administrering av opplæring og implementering av modellen på nasjonalt nivå.

Både dei norske og internasjonale studiane finn at PALS fører til reduksjon i førekomsten av generell og moderat problemåtferd og i nokon grad alvorleg problemåtferd i skulemiljøet. Dei norske studiane fann òg at tilsette i skulen i større grad tok i bruk positivt støttande reaksjonsmåtar etter implementeringa av PALS. Høg implementeringskvalitet var assosiert med større intervensjonseffekt i dei norske studiane. Modellen imøtekjem krava for sterk dokumentasjon på effekt for fleire av målsettingane og tiltaket klassifiserast på evidensnivå 5 – tiltak med sterk dokumentasjon på effekt, i Ungsinn (Database for verksame tiltak for barn og unge).



Implementere *Allemed*

Allemed er utvikla med eit ønskje om å auke kunnskap om utanforskap som følgje av fattigdom samt å auke inkludering av dei av oss som opplever dette. Verktøyet vil gje kommunen konkrete måtar å setje barn og unge si fritid på agendaen og finne løysingar som fungerer i kommunen.

Verktøyet gjev ein enkel måte å ta opp og arbeide med eit tema som for mange kan vere vanskeleg å snakke om. Målet med *Allemed* er å sikre at alle barn og unge som ønskjer det, får ein reell moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av familien sine økonomiske og sosiale ressursar. *Allemed*-verktøya er tilpassa for bruk i frivillige organisasjonar og kommunesektoren.

Fattigdom fører til at barn vert ekskludert frå sosiale, kulturelle og idrettslege arenaer, noko som kan føre til ei auka oppleving av å ikkje høyre til. Dessverre er

det stadig fleire som veks opp i låginntekstfamiliar.

Allemed-verkøya kan brukast på alt frå foreldremøte til samlingar for trenarar osb.

Delta i opplæringsprogrammet: *Tidlig inn*

Det er ofte vanskeleg å spørje om, og gje hjelp i høve psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar.

Difor har Helsedirektoratet og Barne- ungdoms- og familiedirektoratet gått saman om å utarbeide eit heilskapleg opplæringstilbod i tidleg intervensjonsverktøy og samtalemetodar. Dette skal bidra til å gjere tilsette tryggare i arbeidet med å avdekke eit begynnande problem, samt tilby god hjelp. Det er oppretta regionale opplæringsteam som kan tilby opplæring lokalt i kommunane.

Målet med opplæringa er å sikre at Austrheim kommune har trygge tilsette når det gjeld tidleg identifikasjon og intervensjon. Opplæringa i bruk av kartleggingsverktøy og samtalemetodar skal gjere tilsette og leiarar tryggare med omsyn til å spørje om psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar. Vidare er målet å styrke det tverrfaglege samarbeidet mellom tenestene i møte med gravide, småbarnsforeldre og barna deira. For å kunne hjelpe på eit tidlegare tidspunkt enn tidlegare, er det avgjerande å lære metodar som vert brukt systematisk og rutinemessig.

- Det skal gje laget rundt barnet mot til å spørje om tema.
- Det skal gje laget rundt barnet mot til å handle på grunnlag av svar frå den enkelte.
- Det skal gje laget rundt barnet kunnskap om kva ein kan gjere og kven ein skal ta saka vidare med, og kva instans(ar) som er riktige til å følgje opp den enkelte, familien og barna.

Målgruppa er kommunalt tilsette som i det daglege møter småbarnsforeldre, gravide og deira partnarar. Det er primært helsepersonell som får opplæring i korleis ein gjennom samtalar kjem tidleg i posisjon til å hjelpe den enkelte og familien. Deltakarane er sett saman tverrfagleg der opplæringa av

samtalemetodar er nyttige for alle som deltek uavhengig av profesjon.

Opprette *BTI*-retteiar

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Elektronisk BTI-rettleiar er oppskrifta på korleis ein går fram i konkrete tilfelle der ein er bekymra for barn/ungdom/familie. Rettleiaren skildrar strukturane og prosessane ein skal nytte i arbeidet med barn og unge, både innanfor den enkelte tenesta og mellom tenestene.

Verktøyet skal sikre likeverdig oppfølging.

Fensfjord-kommunane: Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden arbeidar saman for å etablere elektronisk BTI-rettleiar.

Sikre brei forankring av *ICDP*

ICDP står for International Child Development Programme, og er eit enkelt, helsefremjande og førebyggjande program som har som føremål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Programmet rettar seg mot omsorgsgjevar og skal styrke omsorgskompetansen.

Alle foreldre og profesjonelle omsorgsgjevarar er målgruppe - med norsk bakgrunn, annan kulturell bakgrunn eller ein er ny i Noreg.

Programmet bygger på 3 dialogar og 8 tema for godt samspel for å auke bevisstgjeringsa.

I Austrheim kommune vil vi ha med ressursar frå ulike tenesteområde i sektoren. Her særleg flyktingtenesta.

Bustadsosial handlingsplan

Utarbeide og vedta bustadsosial handlingsplan for å sikre at kommunen kan gje innbyggjarane heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Ein eigna bustad i eit godt bumiljø er eit fundament for god helse og livskvalitet. Kommunen medverkar til at innbyggjarane kan bu slik at dei kan leve gode liv.

Bidra i tilrettelegging for ferieaktivitetar, juniorklubb og ungdomsklubb

Bak dette oppdraget kan det liggje tilrettelegging av foreldrestyrt aktivitet og treffpunkt for all ungdom i kommunen på tvers av grendene. Det er også aktuelt å sjå til andre kommunar som brukar MOT som del av fritidstilbodet retta mot ungdom. Dette kan også omhandle "heilårs UKM". Det vil seie at det gjennom heile året er tilbod om Workshop med varierende innhald.

Greie ut konsekvensar av etablering av familiens hus

Føremålet med Familiens hus er å samle fleire tenester til barn og familie på ein stad. Dette for å gjere det enklare for brukarane, samt å skape eit meir heilskapleg tenestetilbod.

Greie ut tilbod om ungdomsfritidsordning (UFO)

Føremålet er at utsette barn mottak fleire tenester i kjente og trygge omgivingar i staden for å reise ein annan stad for å ta imot tilbodet.

Ungdomsfritidsordning (UFO) er eit gratis tilbod for ungdom med særskilte behov på 8. til 10. trinn. Tilbodet er tilsvarende SFO-tilbodet, men er tilpassa for ungdom.

Vidareføre «Ungjobb» i Austrheim kommune

Arbeidsgjevar krev erfaring, men for å få erfaring treng dei unge moglegheita for å få ein jobb. Ungjobb har som føremål å hjelpe fleire unge i arbeid. Det kan vere sommarjobb og/eller arbeidstrening. Ein har svært gode erfaringar med implementering av tilbodet i Austrheim kommune sommaren 2023.

Tiltak interkommunale samarbeid

Namn	Satsings område	Hovudmål	Delmål
Medlemsskap i Syns- og audio-pedagogisk teneste.	Barn og unge	I Austrheim kommune skal vi oppretthalde det høge tale på unge som fullfører vidaregåande opplæring.	Barn og unge i Austrheim kommune har moglegheit for å fullføre vidaregåande opplæring uavhengig av funksjonsnivå.
Medlemsskap i Bergen og omland friluftsråd.	Barn og unge	Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag.	Barn og unge i Austrheim kommune bidreg aktivt i planlegging og gjennomføring av ryddeaksjon knytt til eigarlaust maritimt avfall.

Medlemsskap i syns- og audiopedagogisk teneste

Syns- og audiopedagogisk teneste

Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) har fungert som ei interkommunal teneste i gamle Hordaland i mange år. Etter samanslåinga til Vestland fylke tok fylkeskommunen initiativ til at kommunane i gamle Sogn og Fjordane skulle inviterast med i samarbeidet. Styret for SAPT har følgd opp dette og førebudd ei utviding av tenesta, mellom anna gjennom informasjonsmøte og dialog med kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Kommunedirektørutvalet i Vestland og KS Vestland har òg bidratt i prosessen og har stilt seg positive til dette initiativet. Austrheim kommune har òg ved fleire høve hatt dialog med tenesta om framtidig deltaking. Oppstart for eventuelt nye deltakarkommunar vert tidlegast frå 1. januar 2024.

Tenesta har i dag 12,8 årsverk og består av synspedagogar og audiopedagogar som gjev råd, rettleiing og tenester knytt til syns- og hørselsfeltet til innbyggjarane i kommune og fylkeskommune. Tenesta arbeider både på system- og individnivå. Barn og unge er prioritert.

SAPT er ei resultatteining under byrådsavdeling for barnehage, skule og idrett (BBSI) og inngår i Etat for spesialpedagogiske tenester. Bergen kommune har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

SAPT sine oppgåver er å støtte kommunane og fylkeskommunen i å oppfylle krava i barnehagelov, opplæringslov og lov om folketrygd. Tenesta skal bidra til å sikre at kommunane og fylkeskommunen har tenestetilbod på område der ein ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse på feltet.

SAPT skal kartlegge, gje informasjon, råd og rettleiing til brukarar, føresette og nettverk innan syn og høyrsel. Dette vert gjeven i heimen, i barnehage og skule eller på andre aktuelle arenaer, i form av pedagogiske, praktiske og tekniske tiltak.

Medlemsskap i Bergen og omland friluftsråd

Bergen og omland friluftsråd

Rådet samarbeider med deltakarkommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar. Per 01.03.23 er deltakarkommunane i BOF:

Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Alver, Samnanger, Tysnes, Øygarden, Vaksdal, Kvam Herad og Osterøy.

Oppgåver

- Friluftsrådet sine oppgåve er å etablere nye friluftsområde, legge til rette for og halde dei ved like slik at alle kan bruke dei.
- BOF skal òg arbeide for større forståing for friluftslivet sin verdi, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.
- Arbeid for å samle inn eigarlaust marint avfall i samarbeid med ulike aktørar, er òg ei viktig oppgåve for BOF.
- Rådet samarbeider med deltakarkommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar.

BOF ynskjer å vere ein viktig bidragsytar i målet om at befolkninga i Vestland skal ha moglegheit til å drive eit variert friluftsliv, både i nærmiljøet og i naturen.

Visjon: «Vi gjør friluftsliv tilgjengelig for alle».

Oppdrag interkommunale samarbeid

Namn	Hovudmål	Delmål
Medlemskap i Nordhordland kompetanseregion.	Samarbeid i Nordhordland Kompetanseregion skal bidra til å ruste tilsette i oppvekstsektoren for den framtida som kjem, og bidra til at barn og unge får god og likeverdig opplæring.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Delta som part i fag og tenesteutvikling i- og rundt Region Nordhordland Helsehus.	Samarbeid i fag og tenesteutvikling i- og rundt Region Nordhordland Helsehus, skal bidra til å ruste tilsette i oppvekst- og helsesektoren for den framtida som kjem, og bidra til at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.

Medlemsskap i Nordhordland kompetanseregion

Nordhordland kompetanseregion

Nordhordland kompetanseregion, NKR, er eit samarbeidsorgan for oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Alver.

Delta som part i fag og tenesteutvikling i – og rundt Region Nordhordland Helsehus

Ei felles satsing mellom kommunar, fylkeskommune og helseføretak knytt til Region Nordhordland Helsehus.

Meir informasjon finn ein her: [RNH](#)

Sikre brei kompetanse i kulturskulen

For å kunne tilby kulturskule for alle – som vil seie eit variert tilbod, så er kommunen avhengig av å ha fagleg kompetanse. For å styrke tilbodet, så må Austrheim kommunen sin kompetanseplan fange opp dette behovet.

Ny temaplan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2024–2027

Den forrige kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjaldt i perioden 2019 – 2022. Kommunen må ha ein gjeldande kommunal plan på området for mellom anna å kunna søkje Vestland fylkeskommune om spelemidlar til etablering og rehabilitering av ulike typar idrettsanlegg, anlegg for friluftsliv, og anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Oppdrag oppvekst

Namn	Hovudmål	Delmål
Etablere kommunal standard for måltid i barnehage, skule og skulefritidsordninga.	Barn og unge i Austrheim får eit likeverdig tilbod knytt til matglede og matkultur som spelar positivt inn på fysisk og psykisk helse.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
Etablere felles system for oppgåver og funksjonar innanfor barnehage og skule.	Kommunen jobbar systematisk for at barn og unge i Austrheim opplever meistring og læring.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle
Etablere felles system for kvalitetsoppfølging, prosedyrar og rutinar for skule og barnehage.	Barn og unge i Austrheim kommune opplever å vere ein del av eit positivt skulemiljø der skulefaglege og sosiale ferdigheiter blir styrka.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 17 - Styrke verkemidlane som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.

Etablere tettare samarbeid og felles mål for utviklingsarbeid mellom barnehage og skule og på tvers av einingar og kommunar.	Kommunen jobbar systematisk for at barn og unge i Austrheim opplever meistring og læring.	01 - Utrydde alle former for fattigdom i heile verda 04 - Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.
--	---	---

Etablere kommunal standard for måltid i barnehage, skule og skulefritidsordninga.

Austrheim kommune ønskjer at alle barn i barnehage, skule og SFO skal oppleve daglege måltid som gjev barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapsfølelse og gode helsevanar.

Etablere felles system for oppgåver og funksjonar innanfor barnehage og skule

Behovet i sektoren er stadig i endring. Målet er å sikre godt tverrfagleg samarbeid og legge til rette for varig utviklingsarbeid.


Etablere felles system for kvalitetsoppfølging, prosedyrar og rutinar for skule og barnehage

Sikre at kommunen har gode nok rutinar og prosedyrar knytt til mellom anna kvalitetsutvikling, overgang mellom skule og barnehage osv. Det kan vere aktuelt å forankre delar av arbeidet i samarbeid med andre kommunar – til dømes i regi av NKR eller Fag- og tenesteutvikling.

Tettare samarbeid på tvers av einingar og kommunar – av tiltak som kjem fram av planen.

Implementering

Nye tiltak er lik endring. Endring kan vere vanskeleg dersom organisasjonen ikkje er rigga for det. God implementering er avgjerande for om ein lykkast med nye tiltak. Verknaden av tiltak kan altså bli dårlegare dersom implementeringa ikkje er god. For å sikre at Austrheim kommune har gode føresetnadar for vellykka innføring av nye tiltak, så skal vi ta i bruk [implementere-modellen](#).



Implementere-modellen er utvikla av dei fire regionale kunnskapssentera for barn og unge (RKBU Nord, RKBU Midt Norge, RKBU Vest og PBUP Øst og Sør) på oppdrag frå Helsedirektoratet og Barne- ungdoms- og familiedirektoratet.

Modellen bygger på forskingsbasert kunnskap om implementering. Samtidig er den særleg tilpassa den praktiske kvardagen i tenestene for barn og unge.

Modellen er bygd opp av fire fasar: Førebu, planlegge, implementere og vidareføre. Desse fasane består av ni kjerneelement med praktiske hjelpemiddel.

Nr.	Fase	Kjerneelement
1	Førebu	Utforske og tilpasse tiltak. Kartlegge føresetnadar for implementeringa: Naudsynte ferdigheiter, organisatorisk struktur, etablere implementeringsteam.
2	Planlegge	Velje og tilpasse implementeringsstrategi: Fordele roller, rekruttere fagfolk, planlegge opplæring og rettleiing,

		kontakte samarbeidsaktørar. Sikre naudsynt forankring og implementeringsleiing. Planlegge monitorering av implementeringskvalitet og nytteverdi: Plan for korleis følgje utviklinga.
3	Implementere	Iverksette implementeringsstrategiane og monitorering etter planen. Vurdere, evaluere og føreta naudsynte justeringar undervegs.
4	Vidareføre	Evaluere og justere for å sikre berekraft: Vellykka implementering? Sikre rutiner og system for vidareføring.

Ved å trykke på fasane eller kjerneelementa i tabellen over, så blir ein ført til nettsida *implementere.no* for vidare rettleiing. Det er fleire sjekklister og verktøy innan fasane som skal hjelpe oss til å få ei god implementering av nye tiltak.

Godt implementeringsarbeid er kvalitetssikringsarbeid. Det er eit kontinuerleg arbeid så lenge tilbodet (tiltaket) eksisterer. Austrheim er ein liten kommune, og det blir fort sårbart ved fråfall i nøkkelstillingar og ved utskifting av personell. Fokus må vere på at tiltak overlever sjølv om det skjer ting i organisasjonen. Det krev heilskapleg verksemdstyring, som det digitale verktøyet Framsikt bidreg med.

Førebygging og tverrfagleg samhandling

Arbeid knytt til ny og revidert samfunnsplan for Austrheim kommune startar opp hausten 2024. I planen skal det leggast vekt på at arbeidet med barn og unge skal vere førebyggjande, helsefremjande samt utjamne sosiale forskjellar. Godt førebyggjande arbeid krev at vi startar tidleg og tenkjer og handlar langsiktig. Skal vi fremje sunne barn og unge som greier seg i framtidige utfordringar, må vi tenke heilskapleg og skape eit inkluderande oppvekstmiljø for alle i kommunen.


For å jobbe i tråd med dette må ein tenkje 24-timars-barnet og 24-timars-ungdommen. Det betyr at vi i stor grad må arbeide tverrfagleg. Eit godt samarbeid med barn, unge og foreldra deira er avgjerande for å lukkast. Alle må delta og

forplikte seg i samarbeidet, slik at alle barn og unge kjenner at dei høyrer til i kommunen. Både politiske- og administrative leiarar har eit ansvar for å leggje til rette for gode samarbeidsformer, og å setje av nok ressursar for å få til gode planar som vert realiserte.

Fleire av dei kommunale tenestene for barn og unge vert løyst gjennom interkommunale samarbeid. For å sikre den tverrfaglege samhandling, òg på tvers av kommunegrenser, vart det etablert ei prosjektgruppe – «Betre tverrfagleg samhandling i Fensfjorden». Gruppa hadde i oppgåve å lage eit forslag til samhandlingsmodell for oppfølging av utsette barn, som kunne nyttast i heile Fensfjordområdet.

Førebygging

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet deler det førebyggjande arbeidet i kommunen inn i tre nivå:



Universell førebygging omfattar innsats retta mot heile grupper, til dømes alle barn og unge, utan at ein har identifisert individ eller grupper med auka risiko. Felles for slike program er mellom anna å fremje venskap og gode relasjonar og motarbeide mobbing.

Selektiv førebygging er tiltak retta mot grupper med kjent og/eller auka risiko for å utvikle problem. Tiltaka her skal motverke negativ utvikling hjå barn og unge

og/eller deira føresette. Føremålet er mellom anna å bidra til auka sosialisering og betre norskkunnskap for minoritetsspråklege barn.

Indikativ førebygging er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på utfordringar. Tiltak retta mot ungdom med begynnande rusproblem, eller tiltak retta mot barn og unge med symptom på psykiske vanskar er døme på indikativ førebygging.

Definisjonar

I arbeidet med å sikre at kommunen samla sett jobbar godt nok med det førebyggjande arbeidet brukar kommunen Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sine definisjonar av omsorgssvikt og åtferdsproblem.

***Omsorgssvikt:** Barn har rett til trygge rammer i oppveksten. Det er likevel sånn at ikkje alle vaksne klarer å gje den omsorga og tryggleiken barn treng i heimen. Barn treng å bli ivaretekne sine fysiske, psykiske, medisinske og kjenslemessige behov på ein god måte, og det er difor avgjerande med tidleg hjelp.*

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet skriv at omsorgssvikt kan vere knytt til ulike forhold, og at det ikkje finnast ei uttømmmande liste som syner alle livssituasjonar som er eller kan vere skadelege for barn. Likevel deler dei omsorgssvikt inn i fire delar, som vi jobbar etter i Austrheim kommune:

- *Når barnet ikkje får dekkja sine behov*
- *Foreldra sine eigne utfordringar*
- *Foreldra meistrar ikkje grunnleggande omsorg*
- *Vanskar med å meistre barn med særskilte behov*

Åtferdsproblem: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet skriv at åtferdsvanskar rammar om lag 5 prosent av barn- og unge. Om lag halvparten av dei som har åtferdsvanskar som barn, har framleis vanskar som ungdom. Å gje barn, unge og familiar hjelp som kan hindre eller avgrense utviklinga av åtferdsvanskar er eit svært viktig arbeid for kommunen. Direktoratet har ei liste med metodar dei tenkjer er godt dokumenterte, og vil vere aktuelle for kommunar å jobbe etter. Lista har vore viktig for prosjektgruppa sitt arbeid med å utarbeide treffande tiltak.

- *PMTO (Parent Management Training Oregon)*
- *Funksjonell familierapi (FFT)*
- *Multisystemisk terapi (MST)*
- *Multifunksjonell behandling (MultifunC)*
- *TIBIR- Tidlig innsats for barn i risiko*
- *DUÅ- De utrolige årene- Webster Stratton*
- *ART- Aggression Replacement Training*

PMTO har vi ikkje i Austrheim. FFT, MST og MultifunC er tiltak som barnevernet kjøper frå BUF-etat. Barnevernet kan tilbyr ART-retteiing/sosial kompetanse.


Tiltaka og programma som er skildra under kapittel 4 *Tenesteskildringar*, saman med tiltak og oppdrag, utgjer kommunen si samla tiltaksvifte for barn, unge og familiane deira.

Tverrfagleg samhandling

BTI-modellen for betre tverrfagleg samhandling for utsette barn og unge

Vaksne kan utgjera ein avgjerande faktor for barn og unge som har behov for ekstra hjelp og støtte. Det er viktig at tilsette handlar raskt, i samarbeid med dei det gjeld og deira foreldre. Dette gjeld mellom anna i helsestasjon- og skulehelsetenesta, barnehagar, skular, fritidsaktivitetar, PPT og barnevernstenesta. Der det er behov for innsats frå fleire instansar skal det koordinerast godt. System og rutinar skal vera kjent for alle tilsette. System og rutinar skal sikra kvalitet i praksis, gjennom heilskapleg og koordinert oppfølging av barn med føresette. Dette vil skape tryggleik for barna, dei unge og deira foreldre – samt for dei tilsette.

Målgruppa for BTI-modellen er barn og unge som har behov for hjelp, støtte og oppfølging i kortare eller lengre periodar i livet. Aldersgruppa er 0 til 18 år. Modellen forpliktar alle tilsette i Austrheim kommune som gjennom sitt arbeid kjem i kontakt med barn og unge som har behov for ekstra støtte og merksemd.



Nivå 3: skildrar ei meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester
Nivå 2: skildrar enkelt tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester
Nivå 1: skildrar innsats innanfor kvar enkelt teneste.
Nivå 0: Avklarar om det er grunn til bekymring.

Modellen er henta frå [BTI](#)

Nivå 1

Ei enkelt teneste eller avdeling er involvert. Medarbeidarane kan hente råd og rettleiing hjå andre utan at det fører til eit tverrfagleg samarbeid. Det vert oppretta ein stafettlogg og utnemnd ein ansvarsperson (stafetthaldar).

Nivå 2

To eller fleire tenester/innsatsar koordinerer innsatsen slik at alle arbeider med felles mål og er merksame på kvarandre sin innsats. Ein kan vurdere om det skal opprettast ansvarsgrupper.

Nivå 3

Ved behov for eit breitt samarbeid. Når til dømes barnevernet eller andre sentrale hjelpetenester er involvert, kan sakshandsamar her overta ansvaret for koordinering (stafetthaldar).


Den loddrette brikka

Symboliserer stafettloggen og stafetthaldaren, som knyt innsatsen til ei heilskapleg og koordinert oppfølging av barnet, ungdomen og/eller familien. Stafetthaldaren sitt ansvar og oppgåver er å koordinera innsatsen, kalle inn til tverrfaglege møte, føreslå dagsorden, kalle inn til ad hoc-møte ved behov, leie møta, introdusere nye partar, gje melding til dei som ikkje skal møte eller følgje opp, avslutte arbeidet, involvere brukarar, vere kontaktperson og loggførar.

BTI-modellen skal nyttast av tilsette som møter barn, unge og deira foreldre i sitt arbeid i Austrheim kommune. Gjennom rolla som stafetthaldar, og bruk av eit elektronisk verktøy for samhandling (stafettloggen) ønskjer ein å sikre tidleg og

god samhandling med foreldre og/eller ungdom, kalle inn til samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte ved behov, samt setje i verk tiltak. Foreldre/ungdom kan og be om at det vert oppretta ein stafetthaldar og ein stafettlogg dersom dei ønskjer at det skal bli arbeid systematisk med deira situasjon.

Samarbeidsmodell kring barn og unge



Samarbeidsmodellen skildrar det praktiske arbeidet med barn, unge og foreldre det er knytt undring og bekymring til. [BTI-modell](#)

Møtearenaer og team

Føremålet med dei fastsette møtearenaene og teama er å bidra til oversikt, fremje samhandling, skape gode arenaar for medverknad og godt grunnlag for å ta avgjerse. Møta skal òg bidra til:

- Heilskapleg styring og utvikling
- Kvalitet og effektivitet på alle nivå i organisasjonen

Oppvekstreforma flyttar meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Dette vart gjort fordi kommunane er nærare barna og familiare, og har betre innsikt i barna og foreldra sine behov. Reforma skal styrke kommunen sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Dette vert mogleggjort gjennom mellom anna god møtestruktur då strukturen legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom dei ulike kommunale tenestene og nivåa. Samarbeidsmøte med tannlege og politi er

også inkludert i møtestrukturen.

Målet er at alle barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt. Etablering av tverrfaglege strukturar som er berekraftige på systemnivå vil vere avgjerande.

Deltakar, form og frekvens vert fastsett administrativt, og kan vere gjenstand for endringar. Per juni 2023 er møtestrukturen som følgjer, men enkelte justeringar kan førekomme ved behov:

Kva	Frekvens	Ansvar	Deltakarar
Kommunalt nivå			
Strategisk leiing	Vekentleg	Kommunedirektør	Kommunedirektør, kommunalsjef samfunn og tenesteyting, kommunalsjef helse og velferd, kommunalsjef oppvekst og kultur og økonomi- og HR-sjef.
Utvida leiargruppe	Kvar 5. veke	Kommunedirektøren og hans leiarteam	Strategisk leiing og einingsleiarar for alle tenestemråda i kommunen.
Psykososial kriseteam	4 gongar i året og ved behov	Einingsleiar helse	Fagleiar psykisk helse, Kommunelege, leiande helsesjukepleiar, kreftkoordinator, prest.
<i>Tverrfagleg støtteteam</i>			Politikontakt kan bli kalla inn til tverrfagleg rådføring.
Koordinerande eining – forvaltningskontoret	Ved behov	Kommunalsjef helse og velferd	Forvaltningskontoret Kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef oppvekst og kultur
Møte med HTV	Kvar månad	Økonomi- og HR-sjef/ rådgjevar stab	Økonomi- og HR-sjef, kommunedirektør, rådgjevar stab, kommunalsjefar, hovudtillitsvalde og andre etter avtale
Politiråd	2 gongar i året	Politikontakt	Politi, ordførar, kommunedirektør og kommunalsjef oppvekst og kultur
Oppvekst og kultur			
Einingsleiar møte oppvekst og kultur	Kvar 5. veke	Kommunalsjef oppvekst og kultur	Kommunalsjef oppvekst og kultur, einingsleiarar innanfor oppvekst og kultur og rådgjevar stab.
Interkommunalt samarbeid Fensfjorden	Kvar andre månad	Leiar i fagrådet for PPT	Representantar frå kommunane Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden
Dialogmøte lokalt på skulane	Årleg	Kommunalsjef oppvekst og kultur	Kommunalsjef oppvekst og kultur, rådgjevar stab, leiinga ved skulen, elevråd, HTV og foreldrerepresentantar.
Dialogmøte	Årleg	Leiar hovudutval for	HFL, kommunalsjef helse og velferd,

		levekår	kommunalsjef oppvekst og kultur, Leiar av samarbeidsutvala ved dei ulike einingane. (barnehage og skule)
Barnehage			
Tverrfagleg team	3- 4 i halvåret	styrar	Deltakarar i ressursteamet, PPT Fensfjorden, ansvarleg minoritetsspråklege og helsesjukepleiar deltek etter avtale
Barnesamtalar	Minst to gongar i året	Pedagogisk leiar	Barn, tilsett på avdelinga
Foreldresamtalar	2 gongar i året	Pedagogisk leiar	Føresette, avdelingsleiar/pedagog
Foreldremøte	2 gongar i året	Styrar	Føresette, tilsette
Foreldrerådsmøte	Min. 4 gongar i året	Leiar foreldreråd/ styrar	Foreldrerepresentantar, (styrar)
Møte i SU (Samarbeidsutval)	Min. 4 gongar i året	Styrar	Representantar for tilsette, foreldre, styrar, ev. eigar
Avdelingsmøte	1 gong i veka	Pedagogisk leiar	Styrar, avdelingsleiarar
Personalmøte	5-6 gongar i året	Styrar	Tilsette i barnehagen
Overføring av informasjon barnehage-skule	Februar	Styrar	PPT, styrarar, rektor, føresette
Samarbeidsmøte barn	Etter behov	Styrar	Føresette og samarbeidspartar kring barn som har behov for oppfølging frå fleire tenester, men som ikkje fyller vilkåra for ansvarsgruppe
Interne arbeidsmøte barn	Etter behov	Styrar	Føresette og avdelingsleiar/ pedagog kring barn med behov for koordinert og langsiktig arbeid internt i barnehagen, utan eksterne samarbeidspartar
Barnevern			
Samarbeidsmøte med helsesjukepleiar	Ved behov	Helse og barnevern	Barnevern og helsesjukepleiarar
Tverrfagleg team	Ved behov	Einingleiar barnehage og skule	Skule, barnehage, barnevern, PPT Fensfjorden og helsesjukepleiar
Samarbeidsmøte barnevern/NAV	Ved behov	NAV/barnevern	Vår: Kommunaldel NAV og heile barnevern. Haust: Leiar barnevern, nestleiar barnevern, to frå kommunaldel NAV
Samarbeidsmøte lege/psykisk helse/barnevern	Ved behov	Helsesjukepleiarane	Lege, psyk. helse, helsesjukepleiar og barnevern
Samarbeidsmøte med kommunalsjef i Austrheim kommune	2 gongar i året og ved behov	Barnevernet	Leiar, avdelingsleiar og kommunalsjef
Ansvarsgruppemøte	2 gongar pr. år pr. ansvars-	Koordinator i ansvarsgruppe	Ansvarsgruppemedlem

	gruppe		
Helsestasjon og skulehelseteneste			
Personalmøte	Kvar 14.dag	einingsleiar	Helsesjukepleiar i helsestasjonstenesta og skulehelseteneste
Avdelingsmøte helsesenter	Kvar 6. veke	Leiande helsesjukepleiar	Legar, legesekretærar, helsesjukepleiarar, einingsleiar helse
Ansvarsgruppemøter	1-2 gongar årleg per ansvarsgruppe	Personleg koordinator (Helsesjukepleiar)	Ansvarsgruppedlemmer
Samarbeidsmøte psykisk helse	Kvar 2.mnd	Leiande helsesjukepleiar	Fastlegar, psykisk helse og rus, helsestasjon, barnevernstenesta
Ressursteam		Leiar PPT Fensfjorden	Einingsleiar oppvekst, PPT, helsesjukepleiar v/behov
Tverrfagleg team barnehage og i skule	1 gong per månad	Styrar i barnehage/ einingsleiar skule	Helsesjukepleiar og pedagogiske leiarar/ einingsleiar
Foreldremøte barnehage	Ved behov	Helsesjukepleiar + leiar barnehage	Føresette og personalet
Foreldremøte skule	1. trinn, 3.trinn + 8. trinn: årleg Andre v/behov	Helsesjukepleiar+ einingsleiar	Føresette og personalet
Kultur, idrett og frivilligheit			
Kultur og idrett	Årleg	Einingsleiar kultur	Einingsleiar kultur, idrettslag og teknisk drift
NAV			
Samarbeidsmøte	Ved behov	NAV	NAV og psykisk helse
Samarbeidsmøte	Ved behov	NAV	NAV og barnevern
Fagmøte	Kvar veke	NAV	NAV
Samarbeidsmøte om vertskommune-samarbeidet	2 gongar i året	Vertskommune	NAV og kommunalsjefane i fensfjordsamarbeidet
Pedagogisk-psykologisk teneste - PPT Fensfjorden			
Pedagogisk rapport	1. mars for elevar med ny sakkunnig vurdering. Elles ved tilmelding.	Einingsleiar	PPT, skule (kontaktlærar, spesialpedagog), barnehage
Nye sakkunnige vurderingar	1. april	Einingsleiar	PPT
Tverrfagleg team	Kvar månad	Einingsleiar	PPT, einingsleiar, spesialpedagog. koordinator, helsesjukepleiar, barnevern og ev. kontaktlærar (rådsøker) for gjeldande elev. Ved behov kan fysioterapeut/andre vere med.
Overføring av informasjon barnehage-skule	Februar	Einingsleiar	PPT, barnehage, skule, ev. foreldre/føresette
Samarbeidsmøte	2 gongar i	Einingsleiar	PPT, skule, foreldre/føresette

med barn og føresette	året		
Ansvarsgruppe	2 gongar i året	Einingsleiar	PPT, skule
Overgangsmøte ungdomsskule og vidaregåande skule	1 gong i året	Einingsleiar	PPT, skule
Skule			
Elevsamtalar	2 gongar i året	Kontaktlærar	Elev, kontaktlærar
Skule-heim samtalar	2 gongar i året	Kontaktlærar	Elev, føresette, kontaktlærar
Foreldremøte, trinnvis	2 gongar i året	Kontaktlærar	Føresette, kontaktlærar. Barnevern og helsesjukaerleiar deltek på møte til 1. 5. og 8. trinn
Foreldremøte, skule	1 gong i året	Rektor	Føresette, tilsette
Møte i SU (Samarbeidsutval)	Min. 2 gongar i året og ved behov	Einingsleiar	Representant for undervisningspersonale, andre tilsette, foreldrerådet, elevane og kommunen
Møte i SKMU (Skulemiljøutval)	Min. 2 gongar i året	Einingsleiar	Representant for elevane, føresette, tilsette, skuleleiinga og kommunen.
Møte i foreldrerådet sitt arbeidsutval	Min. 2 gonger i året	Leiar Foreldreråd	Føresette, (rektor)
Elevrådskontakt	1 gong pr. månad	Kontaktlærar elevråd	Representant for elevane på 5.-10. trinn, kontaktlærar elevråd
Tverrfagleg team	1 gong pr. månad	Rektor	Deltakarar i tverrfagleg team, PPT Fensfjorden, ansvarleg lærar/kontaktlærar/pedagogisk medarbeidar og føresette etter avtale
Kjernegrupper	Etter behov	Einingsleiar	Elev, føresette, skule, ev. politi, helsesjukaerleiar, barnevern
Overføring av informasjon barnehage-skule	Februar	Einingsleiar	PPT Fensfjorden, styrar, rektor, føresette
Overgangsmøte ev. anna møtepunkt ungdomsskule/ vidaregåande skule	1 gong i året	OT/PPT	PPT Fensfjorden, representant frå ungdomsskule, representant frå vidaregåande skule, OT
Samarbeidsmøte barn og unge	Etter behov	Einingsleiar	Føresette og samarbeidspartar kring barn og unge som har behov for oppfølging frå fleire tenester, men som ikkje fyller vilkåra for ansvarsgruppe
Interne arbeidsmøte barn og unge	Etter behov	Einingsleiar	Føresette og kontaktlærar/ ansvarleg lærar kring barn og unge med behov for koordinert og langsiktig arbeid internt i skulen, utan eksterne samarbeidspartar
Delbart/dele = delta	Årleg	Einingsleiar	Politi og elevar

Notat etter høyringsrunde

Det kom inn nokre innspel i høyringsrunden. Desse kom frå:

- SU/ skulemiljøutval v/ Årås skule
- Ungdomsrådet i Austrheim kommune
- Austrheim kulturskule
- Kultureininga i kommunen.

Arbeidsgruppa vil rette ei stor takk til dei som har kome med innspel til planen. Gruppa har gjort endringar i Temaplan Oppvekst som er i tråd med innspela og kommentarar som kom inn .

24. januar 2024